



# Skjåk kommune

## Økonomiplan

### 2017 – 2020

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

<b>1. Overordna perspektiv</b>	<b>3</b>
1.1. Rådmannen sine kommentarar	3
1.2. Budsjettprosessen	8
1.3. Overordna mål	8
1.4. Samfunn	9
1.4.1. Utvikling i folketal	9
1.4.2. Næringsutvikling og samfunnsutvikling	9
1.5. Brukarmedverknad	11
1.6. KOSTRA	11
1.7. Målkart	13
<b>2. Økonomi</b>	<b>14</b>
<b>2.1. Handlingsreglar og risiko</b>	<b>14</b>
2.1.1. Resultatgrad	14
2.1.2. Gjeld og finans	15
2.1.3. Likviditet	16
2.1.4. Handlingsrom	16
2.1.5. Variable postar	17
<b>2.2. Drift og rammebetingelser</b>	<b>18</b>
2.2.1. Hovudoversikt	18
2.2.2. Rammer	20
2.2.3. Løn og pensjon	21
2.2.4. Kraftinntekter	21
<b>2.3. Investeringar</b>	<b>22</b>
2.3.1. Samleoversikt	22
2.3.2. 1 – 10 skule	23
2.3.3. Ombygging inne på Skjåkheimen	23
2.3.4. Skjåkhallen	24
2.3.5. Vatn, avlaup og renovasjon	26
2.3.6. HFF bustader	26
2.3.7. Barnehagestruktur	27
2.3.8. Tomteområde	28
2.3.9. Bustadplan	28
2.3.10. Sentrumsplan	28
<b>2.4. Balansepostar</b>	<b>29</b>
2.4.1. Eigedomar og anlegg	29
2.4.2. Fond	29
2.4.3. Arbeidskapital	30
<b>2.5. Framtidsutsikter</b>	<b>30</b>
<b>3. Medarbeidarar</b>	<b>31</b>
<b>3.1. Hovudmålsettingar</b>	<b>31</b>

---

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

<b>3.2.</b>	<b>Arbeidstid og heiltidskultur</b>	<b>31</b>
<b>3.3.</b>	<b>Fråvær</b>	<b>32</b>
<b>3.4.</b>	<b>Kompetanseutvikling og rekruttering</b>	<b>32</b>
<b>4.</b>	<b>Presentasjon av hovudområde</b>	<b>33</b>
<b>4.1.</b>	<b>Administrasjon og støttefunksjonar</b>	<b>33</b>
4.1.1.	Støttefunksjon	33
4.1.2.	Miljø, plan og beredskap	36
4.1.3.	Oppsummering av satsingar og tiltak knytt til økonomiske utfordringar	37
<b>4.2.</b>	<b>Oppvekst og utdanning</b>	<b>38</b>
4.2.1.	Barnehage	38
4.2.2.	Skulane	39
4.2.3.	Kulturskule	40
4.2.4.	Flyktninger, vaksenopplæring og PPT	41
4.2.5.	Oppsummering av satsingar og tiltak knytt til økonomiske utfordringar	42
<b>4.3.</b>	<b>Helse og omsorg</b>	<b>44</b>
4.3.1.	Pleie og omsorgstenester	44
4.3.2.	Helsetenester	46
4.3.3.	Utvila helsestasjon	47
4.3.4.	NAV	47
4.3.5.	UHT – Utviklingscenter for heimetenester	48
4.3.6.	Oppsummering av satsingar og tiltak knytt til økonomiske utfordringa	48
<b>4.4.</b>	<b>Kultur, teknisk og næring</b>	<b>49</b>
4.4.1.	Kultur	49
4.4.2.	Teknisk	50
4.4.3.	Næring	51

# Økonomiplan 2017 - 2020

## 1. Overordna perspektiv

Økonomiplanen gjeld for perioden 2017 – 2020. Det er lagt opp til å bruke same mal på økonomiplan og årsmelding, fordi økonomiplanen er planlegging og årsmeldingen er rapportering.

### 1.1. Rådmannen sine kommentarer

Skjåk kommune har høgt aktivitetsnivå og gode tenester. Nivået i tenestene har systematisk økt over tid, og dette finansierte med statlege og lokale midler. I økonomiplanperioden vil inntektene gå ned, noko som må følges for aktivitetsnivået. Samtidig står kommunen framfor fleire større og nødvendige investeringar, som krev låneopptak og dermed vil auke belastninga. Strukturelle endringar som 1-10 skule og endra barnehagestruktur vil likevel redusere driftsutgiftene. Økonomiplanen utfordrar heile organisasjonen på å redusere kostnader gjennom stor vilje til å tenke nytt og gjennomføre endringar.


Ved inngangen til arbeidet med økonomiplanen hadde administrasjonen som målsetting å redusere driftsbudsjettet med kr 8 mill. Dette lykkast gjennom gode prosessar, og utan å måtte gå til oppsetninger av faste tilsette. Det blir likevel nødvendig med vesentlege reduksjonar i årsverk i planperioden, men det blir vurdert som svært sannsynleg at dette vil kunne løysast ved naturleg avgang.

Seinare i prosessen med planen vart det imidlertid varslet at utbytet frå Skjåk Energi KF vil bli redusert med 3,3 millionar kroner i 2017, og at kommunen vil få reduserte inntekter på egedomsskatt på omlag 1,4 millionar kroner. Dette er innarbeidd i planen, men har ført til at målsettinga om å redusere bruk av næringsfond i drift må setjast ut til andre halvdel av planperioden.

#### Demografiske endringar

God økonomisk planlegging fordrar oversikt over befolkninga - korleis ho endrar seg over tid og korleis ho er samansett. Dei statlege rammeoverføringane er i stor grad knytt opp mot demografien, men kommunen sjølv må også ha nødvendig kunnskap om utviklinga for å kunne planlegge ressursbruken i tenesteapparatet, gje strategiske val i næringsutviklingsarbeidet, m.m.

Statistisk sentralbyrå (SSB) har framskrivit folketalet i Skjåk fram til 2040 (alternativ «Middels nasjonal vekst»):




# Økonomiplan 2017 - 2020

Det er venta at folketalet vil gå ned med om lag 200 personar i perioden. Samtidig vil talet på eldre over 80 år auke med om lag 100. Det er aldersgruppa 20-66 år som ser ut til å få den største nedgangen (243).

Veksten i talet på eldre over 80 år vil vera marginal fram mot 2020, men dette vil endre seg når dei store fødselskulla etter andre verdskrig slår inn i statistikken. Skjåk må førebu seg på dette og bruke dei første åra nå til å omstille helse- og omsorgstenestene. Dette handlar om ombygging og fornying av pasientrom på Skjåkheimen, men også kompetanseutvikling, utprøving av ny teknologi m.m.

## Skjåk kommune - framskrivi folketal 80 år+



### Statlege reformar

Etter folkeavrøysting og kommunestyrevedtak, der både Lom og Skjåk sa nei til kommunesamanslåing, er det nå uvisst kva Stortinget vil gjera vidare med kommunereforma. Skjåk kommune ser det nødvendig å følgje opp analysedelen i det lokale kommunereformarbeidet gjennom drøftingar med Lom og eventuelt andre kommunar i regionen om meir samarbeid og felles tenesteproduksjon på utvalde område. Slik sett var ikkje reformarbeidet bortkasta, for dei faglege og økonomiske utfordringane er der uansett og blir ikkje mindre ved at Skjåk held fram som eigen kommune.

Frå 2017 skal pasientar med psykisk helse- og rusproblem få øyeblinkkeleg hjelp døgntilbod i kommunen. For somatiske pasientar vart tilsvarande teneste eit lovpålagt tilbod frå 2016, men Skjåk har hatt det over fleire år gjennom eit regionalt helseamarbeid ved NGLMS, Otta. Når lovkravet nå blir utvida vil døgntilboden for psykisk helse- og ruspasientar også bli lagt til sengeardelinga ved NGLMS.

### Utfordringane i økonomiplan-arbeidet

Utfordningsbildet er prega av auka driftsutgifter over tid, redusert folketal, redusert kraftutbyte, vedtak om redusert bruk av næringsfond i drift og behov for nye store investeringar. Alle tenesteområde er gjennomgått for å redusere utgiftene og/eller høgde inntektene. I utgangspunktet vart omfanget av dette stipulert til 8 millionar kroner. I tillegg kom vedtak om redusert utbyte frå Skjåk Energi KF med 3,3 millionar kroner, og melding om forslag til reduserte inntekter på eigedomsskatt med 1,4 millionar kroner. Dette skapte naturlegvis ekstra utfordringar med å finne balanse i økonomien.

Minst 75% av budsjettet på dei aller fleste tenesteområda er bunde opp til løn og lønsrelaterte utgifter til faste tilsette. Da er det vanskeleg å kutte i budsjettet utan å gå til oppseiingar.

### Strukturelle endringar

Rådmannen har vurdert det slik at dei innsparingane som vil monne vil kome som resultat av strukturelle endringar, som 1-10 skule, endringar i barnehagestrukturen og i tenestene til eldre og funksjonshemma. Desse endringane vil imidlertid ikkje få effekt før i 2018.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Etter endeleg vedtak om finansiering og iverksetjing av investeringsprosjektet ny barneskule, er arbeidet nå godt i gang og 1-10 skulen vil vera klar til skulestart hausten 2018. Like viktig som sjølve bygget er likevel prosjektet som handlar om kva skulen skal innehalde av kvalitetar som gjev trivsel og læring for elevane i den nye skulen. Det blir utført eit viktig planarbeid for å sikre fagkompetanse, samkjøre planar og rutinar og byggje felles kultur blant personalet inn mot oppstart i 1-10 skulen.

Skjåk kommunestyre har i september 2016 vedteke å setja i gang eit planprosjekt for å endre barnehagestrukturen. Det skal utgreiaast to alternativ; (1) barnehage i Bismo og (2) barnehage både i Bismo og i Dønfoss. Det er alternativ 1 som førebels er innarbeidd i økonomiplanen.

Bu- og tenestetilbodet til personar med funksjonshemming og store hjelpebehov er også eit område der strukturell endring kan føre til redusert ressursbruk. Det trengst fleire bustader, og nedsett samarbeidsutval har konkludert med at dei bør byggjast i Skamsargjeilen, dvs. at eksisterande bustader blir rivne og erstatta med nye på same tomta. Staten yter tilskott på inntil 55% av godkjende anleggskostnader.

Skjåk har gjort viktige vegval i eldreomsorga dei seinare åra, m.a. bygging av 14 omsorgsbustader under Skjåkheimen sitt tak for å lette presset på institusjonsplassane og spare kostnader. KOSTRA-data viser likevel at Skjåk framleis har stort potensiale for å vri ressursbruken i eldreomsorga enda meir frå institusjonsbasert til heimebasert. Renovering og ombygging av delar av Skjåkheimen inngår i dette omstillingars arbeidet, og staten bidrar med betydeleg investeringstilskott.

## Utvika kommunesamarbeid

Dei utfordringane som kommunen har i økonomiplanen forsterkar behovet for å etablere fleire samarbeidsløysingar med andre kommunar om tenesteyting og forvalting. Rådmannen følgjer opp vedtak i formannskapet i august 2016 og gjennomfører prosessar rundt forslag til samarbeidsavtaler med Lom og andre kommunar, der det vil vera formålstenleg sett både frå Skjåk kommune og samarbeidskommunane sine ståstader. Det har vore naturleg å starte samtalene med Lom om felles kulturskule og felles legeteneste, men samarbeid på fleire område vil bli drøfta etter kvart.

## Administrativ og politisk styring

Den administrative leiarstrukturen vil naturleg vera i endring, i takt med at dei strukturelle endringane i organisasjonen fell på plass.

- For å kunne planlegge og koordinere utfordringane på flyktningområdet på ein forsvarleg måte har flyktningkonsulent fått endra funksjon til tenesteleiar flyktningtenester i 2016. Stillinga er som tidlegare finansiert med statlege midlar.
- Frå 1.1.2017 vil leiarstrukturen i 1-10 skulen vera på plass. Tre rektorar/tenesteleiarar blir til ein, og samtidig blir det oppretta to 50% stillinger som assisterande rektorar.
- Endring i barnehagestrukturen vil medføre endringar også i leiarstrukturen.

Økonomiplanen inneholder reduksjonar i kostnader til administrativ og politisk styring i storleik kr 2,0 mill. kr i løpet av perioden. Dette kjem i tillegg til reduksjonar som følgje av endra skule- og barnehagestruktur, som allereie er rekna inn. Utvida kommunesamarbeid og effektivisering er føresetnader for at målsettinga er realistisk.

Parallelt med den administrative leiarstrukturen må kommunen også vurdere den politiske. Talet på medlemmer i kommunestyre og utval kan bli vurderte, like eins møtefrekvens.

## Vidareføring av viktige satsingar

Tidleg innsats i barneverntenestene, helsetenestene, barnehagane og skulen er veldig viktig for å kartlegge behov og setja inn tiltak på eit tidleg stadium, både som tidleg korrigering og hjelp til den som treng det og for å spare samfunnet for kostnader på sikt. Tidleg innsats er eit omgrep som også må ha stor merksemd og som også vil ha stor nytteverdi i helsetenestene til vaksne og eldre. Det er viktig at desse tenestene så langt råd er blir skjerma for reduksjonar i økonomiplanen.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Folkehelseoversikt for Skjåk kommune viser at kommunen har utfordringar på fleire område, m.a. (1) mangel på arbeidsplassar, (2) det psykososiale miljøet, (3) mangel på møteplassar, og (4) mangel på fysisk aktivitet for grupper i befolkninga. Det er viktig å ha dette som bakteppe i dei prioriteringane som kommunestyret gjer i økonomiplanen.

## Tiltak for sosial inkludering

Det er viktig å ha merksemd på sosialt utanforsk, særleg blant barn og unge. Dette rammar særleg barn i familiar med dårleg økonomi, men ikkje berre det. Tiltak for å førebygge utanforsk må nødvendigvis vera retta mot alle i aldersgruppa, elles er det fare for stigmatisering. Det er innarbeidd i Skjåk kommune sine etiske retningslinjer at alle tilsette og folkevalde skal ha merksemd på forhold som bidrar til å redusere sosiale skilnader, vold i nære relasjonar m.m.

## Gratis kantinemat i ungdomsskulen

Som konkret tiltak for å redusere sosiale skilnader og hindre utanforsk er gratis kantinemat til alle elevar i ungdomsskulen innarbeidd i økonomiplanen med verknad frå skulestart hausten 2017. Gratis kantinemat er i tillegg eit viktig folkehelsetiltak som fremjar sunt kosthald, auka trivsel og auka konsentrasjon for læring.

Det er eit grunnleggjande prinsipp at den offentlege grunnskuleopplæringa skal vera gratis. Gratisprinsippet skal sikre at alle elevar får opplæring uavhengig av familien sin økonomiske situasjon. Lova er tydeleg på at kommunen ikkje kan krevje at elevar eller foreldre dekkjer utgifter til undervisningsmateriell, transport i skuletida, leirskuleoppdrag, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskuleopplæringa. Kantinemat kjem ikkje inn under gratisprinsippet, men her er det tydeleg at kommunen ved å ta betalt skaper ein arena med utanforsk fordi ikkje alle familiar ikkje ser seg råd til å betale for tenesta. Og det er gjerne slik at det er dei familiene som har dårlegast råd som vil ha mest nytte av det gode kosthaldet som kantinen tilbyr. Ved å tilby gratis kantinemat til alle elevar unngår ein også stigmatisering av mindretalaet som har dårleg råd.


## Flyktningar og integrering

Med bakgrunn i vedtak i Skjåk kommunestyre i november 2016 har kommunen planlagt å ta i mot inntil 15 flyktningar i 2016, av desse inntil fem einslege mindreårige. I samråd med IMDI er mottak av desse fem skyvd over på nyåret 2017. Det ligg føre ny oppmoding frå IMDI om kvote for 2017, og dette blir behandla som eige kommunestylesak i desember 2016.


# Økonomiplan 2017 - 2020

## Administrativ leiarstruktur frå 1.1.2017

Ein leiarstruktur som står i forhold til kommunen sine prioriteringar og samtidig har «musklar» til å gjennomføre nødvendig omstillingss- og utviklingsarbeid er ein føresetnad for å nå målsettingane i økonomiplanen.



Stabsfunksjonar:



# Økonomiplan 2017 - 2020

## 1.2. Budsjettprosessen

Budsjettprosessen vart vedteke i kommunestyresak 40 i april 2016. Det er gjennomført dialogkonferanse med deltagarar frå administrasjon og politikarar på forsmaren.

Dei viktigaste elementa i prosessvedtaket er tildeling av rammer 26.6, oppstilling av tiltaksliste 1.9, levering av budsjett frå leiarar 21.9, balanse i budsjettet 27.10, ferdigstilling av dokument 24.11 og vedtak 15.12.

Prosessen ble forskyvd med om lag ei veke, da ein trengte betre tid knytt til nye utfordringar.

Rådmann, assisterande rådmann og kommunalsjefar har sjølv kommentert tilpassingar av budsjettet under eigne område.

## 1.3. Overordna mål

Visjon, mål, fokusområde, strategiar, moglegheiter og utfordringar er omtala i kommuneplan som er vedteke av kommunestyret i oktober 2011. Det er fire fokusområde; vern og bruk, befolkning og bulyst, folkehelse og førebygging, kommunikasjon og samferdsel. Det er utarbeida mål for kvart av områda.

Det er vedteke eigne økonomiske mål i form av handlingregler for kommunen i kommunestyresak 39 / 2016:

- Netto driftsresultat korrigert for premieavvik skal minimum tilsvare minst 3 % av brutto driftsinntekter. I 2017 og 2018 skal netto driftsresultat, på grunn av strukturelle endringar og særskilte utfordringar, tilsvare minimum 1 % av brutto driftsinntekter.
- Brutto lånegjeld skal være innanfor 100 % av driftsinntektene. I starten av perioden 2017 – 2026 kan lånegjelda, på grunn av stort investeringsbehov og forventa låg rente, være inntil 115 % av brutto driftsinntekter, men gjeldsgraden skal gradvis byggjast ned mot 100 % i perioden.
- Frie udisponerte midlar, i form av likviditetsreserve, skal minst tilsvare ein månads drift, det vil seie 8,33 % av brutto driftsutgifter.

Budsjettforslag inneholder følgjande økonomiske hovudmål i høve til vedtekne handlingsreglar for 2017;

Netto driftsresultat	Gjeld brutto	Frie udisponerte midlar
<ul style="list-style-type: none"><li>• Mål + 1,0 %</li><li>• Forslag - 0,8%</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Mål 115 %</li><li>• Forslag 102 %</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• 8,33 %</li><li>• 7,13 %</li></ul>

Netto driftsresultat er korrigert for premieavvik, brutto lånegjeld er ekskludert pensjonsforpliktingar og frie udisponerte midlar er likviditetsreserve. Økonomiske mål og risiko er også kommentert under punkt 2.1. Låneopptak til eventuell


# Økonomiplan 2017 - 2020

ombygging inne på institusjon i 2017 vil auke gjeldgraden til om lag 108 %. Ombygging inne på institusjon ligg i økonomiplan 2017, men er ikkje innarbeidd i budsjettet på grunn av manglende inndekning av kostnader til renter og avdrag. Siste del av utbetaling til 1 – 10 skule skjer i 2018 og utgjer 21,738 millionar kroner. Dette utgjer ei auke i gjeldgraden i 2018 på 9,6 %. Med frådrag av avdrag ligg ein da rett oppunder vedteke gjeldstak.

Det er lagt opp til strukturelle endringar både på skule, barnehage og relatert til interkommunalt samarbeid både når det gjelder administrative oppgåver og tenesteyting. Dette skal redusere kostnadene og bidra til å løyse utfordringane knytt til finansiering av investeringar og frigjering av næringsmidlar.

## 1.4. Samfunn

### 1.4.1. Utvikling i folketal



Tabellen syner folketalet per 1 januar kvart år. Folketalet etter fyrste halvår 2016 er 2 213 innbyggjarar.

### 1.4.2. Næringsutvikling og samfunnsutvikling

Folketalet i Norge har auka. I Skjåk har utviklinga vore motsett, her gjekk folketalet ned med 1,8 %, frå 2015 til 2016. Utviklinga er ein del av ein nasjonal trend. Større byar og tettstadar som ligg sentralt har ei folketalsutvikling i vekst, som fører til press på kommunale tenester, medan små distriktskommunar som Skjåk har hatt ein nedgang i folketalet over tid. Skjåk er difor ikkje åleine om ei slik utvikling, og årsakene kan vere mange. Det er ofte dei mellom 18 og 49 år som flytter. Det er nærliggjande å tru at plassering av utdanningsinstitusjonane gjer at ungdom som vil ta utdanning etter

# Økonomiplan 2017 - 2020

vidaregåande skule flytter ut. Aldersprofilen i Skjåk er slik at mange er over 80 år, og det gjer at det kvart år er fleire som dør enn som blir fødde, og at det såkalla fødselsoverskotet blir negativt over år. Til ei viss grad har dette dei siste tre-fire åra vorte kompensert av at kommunen har teke i mot rundt 50 flyktningar, frå mottak og gjennom familiegjenforeiningar. Like fullt er det utfordrande å møte utviklinga.

Det er utfording ved at redusert innbyggjartal fører til reduserte overføringer frå staten, det kan medføre kompetanseutfordringar for både verksemder og kommunen og det kan føre til svekka evne til innovasjon og nytenking som vil vere det sentrale samfunnsgrepet i åra som kjem.

Skjåk er i stor grad eit stabilt samfunn som kan tilby innbyggjarane sine gode kommunale tenester, men dette er ikkje nok til at folk vel å flytte til kommunen. Det er andre strukturelle tiltak som trengst, arbeidsplassar og bustadar er ofte oppe som nøkkelfaktor, men kanskje like viktig er at kommunen kan tilby sine innbyggjarar eit vitalt lokalsamfunn med gode møteplassar, godt nærmiljø og gode trivselstiltak.

Skjåk kommune har vore gjennom ein kommunereformprosess med Lom kommune for å sjå på mulegheit for samanslåing av dei to kommunane. Som kjent svarte eit stort fleirtal av innbyggjarane i både kommunane nei til eit slikt alternativ. I arbeidet med ny kommuneplan for Skjåk 2017-2028, er det lagt til grunn at Skjåk kommune held fram som eigen kommune i planperioden.

Spørsmålet om bruk og vern av utmark og nasjonalparkar er framleis eit sentralt tema, og i samarbeid med nasjonalparkforvaltninga for Breheimen og Reinheimen vil det også i kommande planperiode vere viktig å sjå korleis statusen som nasjonalparkkommune kan nyttast til det beste for innbyggjarane og korleis vern og bruk kan leve i lag i framtida.

Skjåk kommune kan med rette kallast ein gründerkommune, mange av verksemdene i Skjåk er etablert ut frå ein grunnleggjande idé om eit produkt som har vakse seg fram til ei livskraftig verksemd. Interfil, Glasopor, Stryvo og Kambutchia er eksempel på gründerar som har realisert ein ide. Ein finn det same i landbruket i Skjåk, med etablering av samdrifter.

Landbruket vil framleis vere ein berebjelke i Skjåk-samfunnet. Talet på aktive gardsbruk har gått ned, men husdyrhaldet har halde seg på jamt nivå, og delen dyrka mark har auka. Mellom anna fordi kommunen har eigne tilskot frå næringsfondet til nydyrkning. I tillegg til omlegging til samdrifter og det ein kan kalle industrielt landbruk, har det vore og er eit mangfold i jordbruket, med satsing på nisjeprodukt, som grønsaker og eggproduksjon og lokal og kortreist mat. Tradisjonen med spekepølse, flatbrød frå lokalt korn og skinke er løfta opp, og kjem i nye former.

Tilgang og avgang midlar på næringsfondet er budsjettert slik;

	Art	Ansvar	Tenest	Prosjekt	Budsjettbel
Budsjettet tilgang midlar - konesjonsavgift	1559	450	3258		7 240 000
Informasjonsmedarbeidar	1959	450	1211		-602 000
Festekontrakter	1959	450	3202		-60 000
Næringssjefen	1959	450	3250		-1 113 000
Tiltak for reiseliv	> udisponert	1959	450	3254	-250 000
Tiltak for bedrifter	> udisponert	1959	450	3255	-1 896 000
Regionkontoret / partnerskapsmidlar		1959	450	3260	-400 000
Næringssjefen, landbrukskontor		1959	450	3291	-1 459 000
Tiltak for landbruk og skogbruk	>udisponert	1959	450	3293	-1 000 000
Ofossen bru reparasjon og opprustning		1959	600	8800	269
Budsjettet avgang midlar - sum bruk					-7 240 000

# Økonomiplan 2017 - 2020

Det er ein intensjon å redusere bruken av næringsfond til internt bruk i driftsbudsjettet frå 2017, slik kommunestyret har vedteke. Det ligg ikkje inne i budsjettforslaget, fordi kommunen fekk enda større utfordringar enn venta med mindre overføringer frå Skjåk energi og reduserte eigedomsskatteinntekter frå kraftselskap. Det må arbeidast vidare med å redusere bruken av næringsfond.

## 1.5. Brukarmedverknad

Skjåk kommune gjennomfører med jamne mellomrom medarbeidarundersøking og brukarundersøkingar. Det er førebels ikkje bestemt område for brukarundersøking i 2017. Elevundersøking i skulen vert gjennomført kvart år.

## 1.6. KOSTRA

Kostradata er i liten grad gjengjeve direkte i økonomiplan i og med at dette tek stor plass og at det blir laga eigne oppstillingar. Våren 2017 vil det bli laga oppstillingar som syner kommunen sine KOSTRA data samanlikna med landet, fylket og nabokommunar på alle område. Det vil og bli laga oppstillingar som syner utviklinga dei siste 5 åra i Skjåk kommune. KOSTRA hefte er ei god kjelde med omsyn til nivå på tenesteytinga, analyser og prioriteringar.

Skjåk sine nøkkeltal samanlikna med nabokommunar, fylket og landet i 2015;

	0513 Skjåk 2015	0511 Dovre 2015	0512 Lesja 2015	0514 Lom 2015	0515 Vågå 2015	0517 Sel 2015	Oppland 2015	EAK Landet 2015
<b>Finansielle nøkkeltall</b>								
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	-2,3	-1,9	3,6	-7,7	4,5	2,4	1,4	2,3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	1,8	1,3	8,8	-2,4	6,9	4,1	2,4	3,0
Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern	57 540	57 375	62 922	56 144	56 602	54 061	50 366	50 630
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	217,4	206,7	209,4	228,6	231,7	190,6	210,7	215,6
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	41,0	4,1	17,9	42,3	22,9	14,6	21,5	16,8
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	17 897	59 074	58 435	56 559	75 187	52 601	53 175	59 368
<b>Prioritering</b>								
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern	161 176	126 205	152 130	117 655	110 353	121 215	127 181	131 858
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger, konsern	17 021	15 340	16 767	15 872	14 450	13 483	12 973	12 335
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern	4 892	4 964	3 412	4 519	3 922	2 871	2 737	2 347
Netto driftsutgift pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern	24 915	19 753	20 019	24 571	24 677	20 893	19 030	15 904
Netto driftsutgift til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år, konsern	3 804	2 996	835	2 957	2 844	3 908	2 886	3 618
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern	5 329	11 911	7 757	3 379	4 874	8 472	9 264	8 371
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	8 101	5 264	7 638	5 393	686	3 922	4 321	4 021
<b>Dekningsgrad</b>								
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	90,6	88,4	91,3	91,2	91,4	89,4	90,9	90,4
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	5,9	3,1	3,1	5,4	3,9	7,1	7,5	7,9
Legeårsværk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	18,1	14,8	14,6	15,3	14,0	11,0	11,9	10,5
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,6	11,1	11,7	9,8	12,2	9,9	11,3	9,0
Andel plasser i eneromi i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0	100,0	100,0	100,0	60,0	100,0	96,6	95,0
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	15,5	19,8	13,5	18,7	17,3	14,0	12,4	13,6
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	5,5	5,0	2,2	3,1	4,7	6,7	..	3,9
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	4,0	8,1	6,3	4,5	3,4	6,0	5,4	4,8
<b>Produktivitet/enhetskostnader</b>								
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage, konsern	203 162	167 610	193 129	153 039	153 731	165 297	173 401	181 752
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222,	139 137	138 605	132 495	143 702	125 995	122 178	118 082	108 511
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.-årstrinn	9,8	10,8	12,1	11,9	12,6	13,3	13,4	14,3
Korrigerte brutto driftsutgif pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern	167 637	169 234	267 674	174 361	160 255	195 149	219 115	236 939
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	1 035 243	879 041	756 065	947 268	914 232	1 090 406	1 051 266	1 067 592
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2 146	5 640	3 950	3 086	4 461	4 088	3 752	3 377
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	5 662	7 464	3 295	3 951	3 959	3 543	4 934	3 781
Årsgebyr for avfallsjorden - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	2 190	1 800	2 344	2 016	1 744	1 787	2 068	2 618
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	120	129	125	99	95	..	179	234
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneidom. Kalenderdager	18	40	55	33	17	27	41	51
Bto. dr.utg. i kr pr. km communal vei og gate, konsern	61 455	38 529	135 237	45 125	85 359	98 779	104 972	133 191

Kjelde; SSB utdrag per 10/11/2016

# Økonomiplan 2017 - 2020

Viktige oppdaterte KOSTRA data syner Skjåk si utvikling i perioden 2008 – 2015;

	0513 Skjåk 2008	0513 Skjåk 2009	0513 Skjåk 2010	0513 Skjåk 2011	0513 Skjåk 2012	0513 Skjåk 2013	0513 Skjåk 2014	0513 Skjåk 2015
<b>Finansielle nøkkeltall</b>								
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	-2,2	5,4	1,9	3,9	-0,7	1,0	0,3	-2,3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	3,8	10,8	6,4	8,8	4,8	5,4	3,8	1,8
Frie inntekter i kroner per innbygger, konsern	36 072	39 709	41 584	46 581	51 272	53 842	55 617	57 540
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	188,1	173,1	181,5	192,7	208,2	212,2	216,2	217,4
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter, konsern	44,1	49,8	45,8	39,6	39,2	48,4	50,3	41,0
Netto lånegjeld i kroner per innbygger, konsern	16 101	14 822	13 552	13 654	16 752	14 383	11 290	17 897
<b>Prioritering</b>								
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager, konsern	33 707	27 048	31 431	99 667	115 290	139 764	150 500	161 176
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger, konsern	10 694	11 789	12 451	13 253	15 794	14 812	16 475	17 021
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern	..	2 459	2 655	3 013	3 950	3 827	4 614	4 892
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten, konsern	..	17 600	19 423	19 685	22 710	22 593	25 127	24 915
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år, konsern	..	1 594	2 261	1 906	3 613	2 902	3 786	3 804
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten, konsern	..	..	1 557	3 420	4 682	4 648	5 538	5 329
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern	6 849	7 566	8 298	8 235	4 837	3 981	6 417	8 101
<b>Dekningsgrad</b>								
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	89,4	87,6	81,7	82,9	80,4	85,4	88,9	90,6
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	8,1	6,7	6,2	5,8	6,3	5,4	5,9	5,9
Legeårsvirk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,0	13,2	17,4	14,7	17,6	18,3	17,8	18,1
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,0	13,2	13,0	13,0	11,5	13,3	13,4	13,6
Andel plasser i eneromi i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	24,5	23,5	21,5	22,8	24,8	23,9	21,2	15,5
Andelen sosialhjelpsmtakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	4,6	3,6	4,2	4,3	4,5	3,3	3,8	5,5
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	3,9	1,8	2,1	2,8	3,7	2,9	2,7	4,0
<b>Produktivitet/enhetskostnader</b>								
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage, konsern	118 162	123 356	136 464	141 652	169 434	192 274	191 195	203 162
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223)	91 664	97 510	102 206	113 016	134 745	124 544	136 194	139 137
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	12,1	12,7	10,5	9,1	10,8	11,6	10,6	9,8
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner), konsern	..	133 103	146 116	152 807	166 416	156 195	182 151	167 637
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass, konsern	..	736 452	957 086	907 543	1 017 297	1 026 054	1 082 811	1 035 243
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	1 640	1 720	1 780	1 851	1 934	2 011	2 081	2 146
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	4 320	4 540	4 700	4 888	5 108	5 312	5 497	5 662
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1)	1 720	2 049	2 049	2 190	2 190	2 190	2 190	2 190
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	..	..	..	..	..	..	360	120
Gj.snittlig saksbehandlingstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	60	60	90	90	90	27	57	18
Bto. dr.utg. i kr pr. km communal vei og gate, konsern	73 588	35 971	33 412	44 176	63 559	59 059	56 853	61 455

Kjelde; SSB utdrag per 10/11/2016

Barnehage; frå 2011 blei øyremerka tilskot innfasa i rammeoverføringer

Administrasjon; forvalningsrevisjon ble gjennomført i 2012 og fleire kostnader blei fordele fra administrasjon frå 2012, blant anna kostnader relatert til bygg, it, fakturering og servicetorg. Netto driftsutgifter er spesielt låge i 2012 og 2013 og dette har fleire årsaker, blant anna blei tilskot inntekter bolyst inntektsført under administrasjon.

# Økonomiplan 2017 - 2020

## 1.7. Målkart

Kategori	Teneste Plan	Måle indikator	Siste status	Mål 2016	Mål 2017
<b>Brukars</b>					
B1 Vennskap med andre barn - barnesamtaler	Barnehage	Antall		2,0	
B1 Mobbing på skulen,7.trinn	Skule	Skala 1 - 5		1,0	1,0
B2 Mobbing på skulen,10.trinn	Skule	Skala 1 - 5		1,0	1,0
B3 Elevdemokrati og medvirking, 7.trinn	Skule	Skala 5 - 1		4,5	4,2
B4 Elevdemokrati og medvirking, 10.trinn	Skule	Skala 5 - 1		3,3	3,3
B5 Bebuar benyttar seg av aktivitetstilbod	Pleie/omsorg	Skala 1 - 2		2,0	2,0
B6 Jeg er trygg på at de ansatte kommer når jeg trenger det ( utgår )	Pleie/omsorg	Skala 1 - 2	2,0	2,0	
B7 Tenesta eg får heime gjer at eg føler meg trygg ( ny )	Pleie/omsorg	Skala 1-2			2,0
B8 Tal på mottakarar over 6 mnd	NAV	Antall		16	
B9 Barneverntensta bidreg til at ditt barn får det bedre	Barnevern	Skala 1 - 6	4,5	5,0	5,0
B10 Bruk av bibliotektenesten, utlån + bruk, per innbyggjar	Kultur	Antall		14,0	14,0
B11 Tilbyg heimebesøk innan 2 veketer etter heimkomst ved fødsel	Helsestasjon	%	100 %	90 %	100 %
B12 Busette og familiegjennforeinte deltek i introduksjonsordning innan 3 n	Flyktningstenest %				100 %
B13 Gjennomført intro etter 2 år	Flyktningstenest %				90 %
B14 Tal på busette i samsvar med vedtak	Flyktningstenest %				100 %
<b>Medarbeidrar</b>					
M1 Fråvær	Alle tenester	%		6 %	6 %
M2 Kor tilfreds er du med arbeidssituasjonen din	Alle tenester	Skala 1 - 6		4,7	
M3 Tilfredsheit med nærmeste leiar	Alle tenester	Skala 1 - 6		5,0	
<b>Andre område</b>					
A1 Folketalet aukar netto med 45 kvart år ( 2690 i 2020 )	Kommuneplan	Antall folk	2 204		
A2 Betalt inngåande faktura til rett tid	Økonomi	%	93 %	95 %	95 %
A3 Nasjonale prøve lesing 5. klasse 90% på nivå 2 og 3.	Skule	%		90 %	90 %
A4 Grunnskulepoeng	Skule	Karakterpoeng		40,5	40,5
A5 Alle lovpålagte fristar skal haldast	Barnevern	%		100 %	100 %
A6 Godkjente vassprøver kommunale vassverk	Teknsik	%	96 %	95 %	95 %
A7 Det skal gjennomførast innkomst/målsamtale med alle nye brukeres	PO	%		80 %	90 %
A8 Gjennomførte ressurgruppe møter	Kulturskulen	Tall			3

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## 2. Økonomi

### 2.1. Handlingsreglar og risiko

Mange kommunar har vedteke økonomiske mål og handlingsreglar. Kommunestyret har vedteke eigne mål for Skjåk kommune i 2016 som også er omtala under punkt 1.3.

#### 2.1.1. Resultatgrad

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2016	Rekneskap 2015
Sum driftsinntekter	226 233 000	225 962 000	224 827 000	223 756 000	213 552 000	215 207 559
Netto driftsresultat	2 303 000	-2 731 000	3 722 000	-2 644 000	1 827 000	3 469 643
Premieavvik pensjon	-4 201 000	2 343 000	-4 724 000	1 750 000	-2 182 000	4 802 373
Korrigert netto driftsresultat	-1 898 000	-388 000	-1 002 000	-894 000	-355 000	8 272 016
Korr nett dr res i høve omsetnad	-0,8 %	-0,2 %	-0,4 %	-0,4 %	-0,2 %	3,8 %


Frå fagleg hold er det tilrådd eit netto driftsresultat som er i intervallet 1,75 - 5 % av driftsinntektene. Skjåk kommune har vedteke at netto driftsresultat korrigert for premieavvik vanlegvis skal være minst 3%, og minst 1% i 2017 og 2018 på grunn av strukturelle endringar. Det er viktig at ein har eit positivt korrigert nettodriftsresultat, slik at ein evner å finansiere mindre investeringar utan å låne. Vidare har ein da også moglegheit til å avsette midlar til disposisjonsfond, slik at ein har noko midlar til eventuelle ekstraløyvingar.

I forslaget til budsjett 2017 er det budsjettet med -0,8 % i korrigert netto driftsresultat. Hovudgrunnen til at forslaget ligg lågare enn handlingsregel, er nye utfordringar knytt til redusert utbytte frå Skjåk Energi KF på 3,3 millionar kroner og reduserte inntekter frå eigedomsskatt på om lag 1,4 millionar kroner sett i høve til budsjett i 2016. Dette var utfordringar som kom i tillegg til at vi frå før låg under handlingsregelen, ønske om redusert bruk av næringsmidlar til drift, ønske om gjennomføring av store investeringar og redusert folketal og inntekter over tid.

# Økonomiplan 2017 - 2020

## 2.1.2. Gjeld og finans

Oversikta syner utvikling i gjeld ekskludert pensjonsforpliktingar i perioden 2003 – 2015.



I 2005 kjøpte vi rettar til 7 % av utbygginga av Øvre Otta for vel 93 millionar kroner.

Kommunestyret har vedteke handlingsregel på låneopptak i 2016 der brutto lånegjeld skal ligge innanfor 115 % av omsetnad i 2017. Gjeldsgraden skal gradvis byggjast ned mot 100 % fram til 2026. Gjeldsgraden er såpass høg at det er betydeleg renterisiko med flytande rente. Lånerenta er no svært låg, men seinast i 2008 var den over 8%. Rentebinding på ny skule vil bli vurdert etter at byggjepериодen er over. Binding av renta er normalt meir kostbart på kort sikt, men vil redusere renterisikoen. Det er viktig at beslutningstakarar er klar over og bevisste på risikoen knytt til renteutvikling og samla gjeld.

Lån som ligg inne i økonomiplanen 2017 inneber ei brutto lånegjeld, ekskludert pensjonsforpliktingar, på 102 % av omsetnaden.

Innmeldte behov for investeringar vil påverke gjeldsgraden slik;

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Sum driftsinntekter	226 233 000	225 962 000	224 827 000	223 756 000
Ombygging av pasientrom Skjåkheimen > utgjer i% i høve til gjeldstak	13 440 000 5,9 %			
Utbetaling av del 3 1 - 10 skule > utgjer i% i høve til gjeldstak		21 738 000 9,6 %		
Utbygging av barnehage > utgjer i% i høve til gjeldstak		30 000 000 13,3 %		
Utbygging HFF bustader > utgjer i% i høve til gjeldstak		18 461 000 8,2 %		
Renovering og oppgradering Skjåkhallen > utgjer i% i høve til gjeldstak			30 000 000 13,4 %	

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Stipulering av gjeld føreset tilskot knytt til ombygging til omsorgsbustader og HFF bustader. Momskompensasjon kjem eventuelt til frådrag.

Avdrag vil isolert sett redusere gjeldsgraden med 3% først i langtidsperioden og 5% sist i langtidperioden.

Vi har berre råd til å ferdigstille 1 – 10 skule og ombygging av pasientrom inne på Skjåkheimen, innanfor gjeldstaket. Gjeldgraden i 2017 er førebels budsjettet til 102 %. Tek ein med ombygging omsorgsbustader +5,9%, delutbetaling tre i 2018 på ny barneskule +9,6% og - 3,0% avdrag så kjem ein opp i 114,5 %. Utbygging av barnehage, HFF bustader og renovering av Skjåkhallen kan isolert sett ytterlegare auke gjeldsgraden med knapt 35 % i langtidsperioden. Avdrag i langtidsperioden kjem til frådrag. Endring i omsetnad vil også påverke gjeldgraden. I kommunestyrevedtaket er det føreset at gjeldsgraden skal ned til 100 % av omsetnaden innan 2026.

Investering i ny barnehage, HFF bustader og oppgradering av Skjåkhallen vil ikke ligge innanfor handlingsreglene på kort sikt. Dette betyr at vi må redusere driftsutgiftene og avsette eigne midlar for å gjennomføre større investeringar etter 2018.

## 2.1.3. Likviditet

Gjennom handlingregelen har kommunestyret lagt til rette for at vi tek vare på oppbygd likviditet.

Kommunen har i fleire år hatt god likviditet gjennom avsett likviditetsreserve. Likviditetsreserven er svært viktig av fleire grunnar;

- Likviditetsreserven er ein buffer til å saldere budsjett på kort sikt, dersom vi får bråe reduserte inntekter eller uføreset kostnadsauke. Vi har dermed evne til å bruke tid på omstilling og tilpassing til endra rammer.
- Vi har midlar til å dekke opp eit eventuelt underskot på rekneskapen.
- Kommunen tåler å ha lite udisponerte fondsmidlar på ubunde kapitalfond og disposisjonsfond.
- Vi klarer oss utan kostbar kassakreditt, med omsyn til at vi generelt får kostnader før inntekter.

Sett over ei 10 års periode, så vil Skjåk kommune truleg ha ein omsetnad på godt over 2,2 milliardar kroner med dagens kroneverdi og driftsnivå. I eit slik perspektiv utgjer likviditetsreserven godt under 1% av 10 års omsetnaden, men den er svært viktig med omsyn til å ha evne til å saldere budsjettet på kort sikt og dekke opp eventuelle underskot på rekneskapen. Det er viktig at ein tek vare på og ikke byrjar å trekke på likviditetsreserven, for å gjennomføre mindre prosjekt. Det er svært utfordrande å bygge opp ei ny likviditetsreserve.

Forventa likviditetsreserve i 2017 16,139 millionar kroner inkludert prinsippendingar utgjer 7,13 % i høve til budsjettet omsetnad. Likviditetsreserven burde vore 18,5 millionar kroner i høve til ein handlingsregel på 8,33 %, så vi er nær opptil målet.

## 2.1.4. Handlingsrom

Skjåk kommune har for tida eit utfordrande økonomisk handlingsrom. Vi har eit negativt netto driftsresultat korrigert for premieavvik, det er ønske om fleire store investeringar og redusert bruk av næringsfond til drift. Frå 2017 har vi fått vesentlege nye utfordringar i form av redusert utbytte og mindre grunnlag på eigedomsskatt.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Vi må arbeide for å skape større handlingsrom for å gjennomføre aktuelle satsingar, betre netto driftsresultat og auke evna til å finansiere noko av investeringane med eigenkapital. Strukturelle endringar skal betre handlingsrommet. Det blir lagt om til meir heimebaserte omsorgstenester, bygging av ny felles skule og det er sett i verk ein prosess om å endre barnehagestrukturen. Det blir arbeidd med auka samarbeid med andre kommunar. Vi må kontinuerleg arbeide for å omstille drifta, for å få gjennomført prioriterte satsingar.

## 2.1.5. *Variable postar*

Skjåk kommune har svært mange variable postar, som inneber at har vi har ein usikker økonomi og at det er risiko relatert til mange budsjettposter. Vi må ha god evne og vilje til rask omstilling, dersom dette blir naudsynt. Følgjande postar er over tid særlig variable og usikre;

- Pensjonskostnadene varierer spesielt med variasjonar i årleg reguleringspremie, som blant anna er avhengig av datolønsvekst knytt til hovud- og mellomoppgjer.
- Tilbakeføring frå pensjonskassene, som er avhengig av pensjonskassene sine rammevilkår og avkastning dei oppnår på sine plasseringar.
- Endring i kraftinntektene, både når det gjeld overføringer frå Skjåk Energi og premissene frå staten på grunnlag for eigedomsskatt og naturressursskatt.
- Endring i sentrale politiske rammevilkår, spesielt gjennom overføringer på statsbudsjettet.
- Endring i folketal og samansetjing av aldersgrupper, som har stor betydning for overførингane.
- Endring i rentenivå, spesielt ved store låneopptak.
- Lønsoppgjer er viktig for utvikling i lønskostnadene, som er klart viktigaste utgiftspost og denne påverkar også pensjon og arbeidsgjevaravgift.
- Endring i regionale kostnader på samarbeid.

# Økonomiplan 2017 - 2020

## 2.2. Drift og rammebetingelser

### 2.2.1. Hovudoversikt

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2016	Rekneskap 2015
<b><u>Driftsinntekter</u></b>						
Brukerbetalinger	8 166 000	8 166 000	8 166 000	8 166 000	8 583 000	7 639 156
Andre salgs- og leieinntekter	15 700 000	15 700 000	15 700 000	15 700 000	15 801 000	16 047 834
Overføringer med krav til motytelse	25 815 000	26 432 000	26 352 000	26 326 000	20 429 000	21 739 361
Rammetilskudd	71 678 000	71 580 000	70 930 000	70 540 000	70 671 000	68 974 875
Andre statlige overføringer	14 174 000	14 433 000	14 295 000	13 939 000	8 267 000	11 229 012
Andre overføringer	5 880 000	5 130 000	5 130 000	5 130 000	7 511 000	7 681 765
Skatt på inntekt og formue	49 980 000	49 681 000	49 414 000	49 115 000	46 290 000	45 710 663
Eiendomsskatt	15 200 000	15 200 000	15 200 000	15 200 000	16 500 000	16 805 538
Andre direkte og indirekte skatter	19 640 000	19 640 000	19 640 000	19 640 000	19 500 000	19 379 356
Sum driftsinntekter	226 233 000	225 962 000	224 827 000	223 756 000	213 552 000	215 207 559
<b><u>Driftsutgifter</u></b>						
Lønnsutgifter	137 244 000	134 456 000	130 037 000	129 057 000	127 833 000	122 131 332
Sosiale utgifter	24 935 000	30 824 000	22 741 000	29 215 000	23 868 000	26 441 759
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produ	28 815 000	29 990 000	28 777 000	28 422 000	28 967 000	28 204 713
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produ	17 558 000	17 288 000	17 288 000	17 288 000	19 596 000	19 589 289
Overføringer	15 210 000	14 175 000	14 665 000	14 879 000	11 960 000	15 368 050
Avskrivninger	9 167 000	9 167 000	9 167 000	9 167 000	8 877 000	8 876 950
Fordelte utgifter	-1 671 000	-1 671 000	-1 671 000	-1 671 000	-1 885 000	0
Sum driftsutgifter	231 258 000	234 229 000	221 004 000	226 357 000	219 216 000	220 612 093
Brutto driftsresultat	-5 025 000	-8 267 000	3 823 000	-2 601 000	-5 664 000	-5 404 533
<b><u>Finansinntekter</u></b>						
Renteinntekter og utbytte	9 261 000	8 929 000	7 816 000	7 914 000	9 460 000	10 034 965
Gevinst på finansielle instrumenter (or	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	100 000	100 000	100 000	100 000	60 000	108 319
Sum eksterne finansinntekter	9 361 000	9 029 000	7 916 000	8 014 000	9 520 000	10 143 284
<b><u>Finansutgifter</u></b>						
Renteutgifter og låneomkostninger	4 130 000	5 590 000	5 750 000	5 790 000	4 054 000	3 272 697
Tap på finansielle instrumenter (omløp:	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	6 880 000	6 880 000	11 244 000	11 244 000	6 762 000	6 722 620
Utlån	190 000	190 000	190 000	190 000	90 000	150 741
Sum eksterne finansutgifter	11 200 000	12 660 000	17 184 000	17 224 000	10 906 000	10 146 057
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-1 839 000	-3 631 000	-9 268 000	-9 210 000	-1 386 000	-2 773
Motpost avskrivninger	9 167 000	9 167 000	9 167 000	9 167 000	8 877 000	8 876 950
Netto driftsresultat	2 303 000	-2 731 000	3 722 000	-2 644 000	1 827 000	3 469 643
Premieavvik pensjon	-4 201 000	2 343 000	-4 724 000	1 750 000	-2 182 000	4 802 373
Korrigeret netto driftsresultat	-1 898 000	-388 000	-1 002 000	-894 000	-355 000	8 272 016
Korr nett dr res i høve omsetnad	-0,8 %	-0,2 %	-0,4 %	-0,4 %	-0,2 %	3,8 %
<b><u>Interne finanstransaksjoner</u></b>						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindrefc	0	0	0	0	0	7 888 479
Bruk av disposisjonsfond	1 024 000	24 000	24 000	24 000	4 378 000	1 611 708
Bruk av bundne fond	12 471 000	16 472 000	13 043 000	17 439 000	8 210 000	13 670 038
Sum bruk av avsetninger	13 495 000	16 496 000	13 067 000	17 463 000	12 588 000	23 170 224
Overført til investeringsregnskapet	2 310 000	2 620 000	920 000	700 000	2 100 000	8 271 173
Dekning av tidligere års regnsk.m. merfc	0	0	0	0	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	0	0	0	0	0	1 015 000
Avsatt til bundne fond	13 488 000	11 145 000	15 869 000	14 119 000	12 315 000	10 907 116
Sum avsetninger	15 798 000	13 765 000	16 789 000	14 819 000	14 415 000	20 193 288
Netto avsetninger inkludert overføring	2 303 000	-2 731 000	3 722 000	-2 644 000	1 827 000	-2 976 936
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	0	0	0	0	0	6 446 579

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Korrigert netto driftsresultat er budsjettet til 0,8 % som tilsvarer – 1.898.000 kroner. Målet er et korrigert netto driftsresultat på 1 % som tilsvarer 2.262.330 kroner. Differansen mellom forslag til budsjett og handlingsregel er knapt 4,2 millionar kroner. Skjåk kommune har hatt eit nedadgåande netto driftsresultat dei siste åra på grunn av satsingar både på drift og investeringar. Utvikling i nøkkeltal går fram av note 20 i rekneskapen.

Det er lagt inn bruk av fond for få budsjettet i balanse;

- Det er lagt inn bruk av 1 million kroner i bruk av fond frå pensjon reserve i og med at reguleringspremien på pensjon stiger
- Det er lagt inn bruk av tidligare avsett overskot knytt til pukkelkostnader og strukturelle endringar med 1 350 000 kroner i 2017 og 2018, som blir erstatta av effektivisering, delvis frå hausten 2018 og fullt ut frå 2019.
- Det er lagt inn 657.000 kroner i bruk av bunde driftsfond på renovasjon. Tenesten skal gå i 0 over tid, og vi krev inn 3 av 4 terminar på husstandar i 2017 og halv pris på hytter. Dette er i samsvar med tidligare kommunestyrevedtak.
- Det er lagt inn bruk av 460 000 kroner i tidligare avsette midlar til utviklingsheimetjenester i Pleie og omsorg.
- Det er lagt inn 356 000 kroner for at flyktningbudsjettet, ekskludert bufellesskapet, skal gå i balanse
- Det er lagt opp til at gåvenemda på Skjåkheimen skal bruke 200 000 kroner frå fond som tidligare år.

For å få budsjettet i balanse måtte administrasjonen, i sluttfasen av arbeidet med planen, redusere øvrige utgifter med 2,3 millionar kroner over fleire tenesteområde. Vedlikehald ble redusert med vel 1,3 millionar kroner i høve til opphavleg forslag.

På pensjon må vi bruke like formlar alle år av systemtekniske årsakar. Normalt bruker vi pensjonsfond reserve når det er relativt høg reguleringspremie, medan vi avsett når premien er låg.

Over tid variere tilbakeføring frå KLP pensjonsfond, men ligg i gjennomsnitt opp mot om lag 2 millionar kroner de siste åra. KLP stipulerer denne inntekta etter eit «worst case scenario» og dei har stipulert tilbakeføringa til 678.000 kroner i 2017. I budsjettforslaget er det teke omsyn til reell «historisk» attendeføring og lagt til grunn at vi får 1,678 millionar kroner. Inntektsposten er usikker.

Tiltak og satsingar er omtala under investeringar punkt 3 og administrasjon, oppvekst og utdanning og helse og omsorg under punkt 4.

Fylgjande hovudelement er innarbeid i langtidsbudsjettet;

- Lønskostnader og øvrige kostnader relatert til etablering av bufellesskap. Det er også lagt inn inntektsposter knytt til bufellesskapet.
- Verknader av strukturelle endringar i barnehage og ny skule.
- Tiltak og kostnadsreduksjonar for å få budsjettet i balanse. Rådmann og kommunalsjefar har omtala dette under eige område.
- Vedlikehaldsplan

# Økonomiplan 2017 - 2020

## 2.2.2. Rammer

Rammene til tenestane går fram av tabell;

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2016
100 RÅDMANN	6 966 000	6 466 000	5 966 000	5 466 000	7 110 000
101 KULTUR	1 722 000	1 722 000	1 722 000	1 722 000	1 673 000
102 PLAN, MILJØ OG BERDEDISKAP	4 864 000	4 864 000	4 864 000	4 864 000	4 836 000
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIKLING	1 568 000	1 568 000	1 568 000	1 568 000	1 500 000
104 ØKONOMI	3 349 000	3 349 000	3 349 000	3 349 000	3 379 000
150 ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJONAR	11 092 000	11 095 000	11 005 000	10 980 000	10 813 000
200 OPPVEKST OG UTDANNING	5 564 000	5 290 000	4 954 000	4 954 000	10 218 000
201 FLYKTNINGAR	7 911 000	7 961 000	8 361 000	7 871 000	0
211 DØNFOSS BARNEHAGE	4 065 000	4 065 000	2 987 000	2 987 000	3 902 000
212 HOLEMORK BARNEHAGE	3 557 000	3 557 000	2 630 000	2 630 000	3 704 000
213 BISMO BARNEHAGE	4 005 000	3 648 000	2 603 000	2 603 000	4 142 000
220 SKJÅK BARNE OG UNGDOMSKULE	0	24 570 000	22 402 000	22 402 000	0
221 REKTOR NORDBERG BARNESKULE	10 194 000	0	0	0	10 952 000
222 REKTOR MARLO BARNESKULE	6 151 000	0	0	0	6 242 000
223 REKTOR SKJÅK UNGDOMSSKULE	10 838 000	0	0	0	11 769 000
240 KULTURSKULE	1 926 000	1 926 000	1 926 000	1 926 000	1 869 000
300 HELSE OG OMSORG	1 954 000	1 954 000	1 954 000	1 954 000	2 476 000
310 PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON	23 096 000	23 294 000	23 294 000	23 294 000	24 846 000
320 PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER	23 116 000	23 378 000	23 378 000	23 378 000	23 412 000
331 NAV	3 817 000	3 817 000	3 817 000	3 817 000	4 279 000
332 HELSESTASJON	5 023 000	4 911 000	4 911 000	4 911 000	5 457 000
350 HELSETENESTER	6 427 000	5 846 000	5 846 000	5 846 000	6 101 000
420 TEKNISK VAR	3 165 000	3 475 000	3 775 000	3 575 000	0
430 TEKNISK DRIFT	19 010 000	20 166 000	18 812 000	18 692 000	22 738 000
450 LANDBRUK OG NÆRING	167 000	167 000	167 000	167 000	149 000
600 FINANS OG OVERFØRINGAR	-169 547 000	-167 089 000	-160 291 000	-158 956 000	-171 567 000
TOTALT	0	0	0	0	0

- Teknisk VAR, ansvar 420, er skilt ut som eit eiga ansvarsområde med eigen leiar, frå ansvar 430 Teknisk.
- Flyktningar, ansvar 201, er skilt ut som eiga ansvarsområde med eigen leiar, frå ansvar 200 Oppvekst og utdanning.
- Bufellesskapet er ei ny teneste, som ligg under ansvar 201 Flyktningar. Inntektene som er relatert til integreringstilskot er ført under ansvar 600, medan direkte tilskot er ført under tenesta.
- Ei auke av avdrag og renter i langtidperioden reduserer nettoresultatet på ansvar 600. Strukturelle endringar reduserer rammene på skule og barnehage i langtidsperioden.
- Det er lagt inn ein uspesifisert kostnadsreduksjon på ansvar 100 med 500 000 kroner i 2017 og denne aukar med 500 000 kroner kvart år i langtidsperioden. Kostnadsreduksjonen må spesifiserast etter kvart.
- Kostnadsreduksjonar er implementert på det enkelte ansvar for å få budsjettet i balanse. Dette er omtala av rådmannen og kommunalsjefane i eigne punkt under kapittel 4.
- Vedlikehaldsbudsjettet under Teknisk er svært lågt på grunn av utfordringar med å få budsjettet i balanse.

# Økonomiplan 2017 - 2020

## 2.2.3. Løn og pensjon

Løns og pensjon er oppstilt som følgjer;

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2016	Rekneskap 2015
Lønnsutgifter	137 244 000	134 456 000	130 037 000	129 057 000	127 833 000	122 131 332
Sosiale utgifter	24 935 000	30 824 000	22 741 000	29 215 000	23 868 000	26 441 759

Lønskostnadene har tidligare år auka på grunn av nye stillingar. I 2016 har stillingsmassen vore relativt stabil. I 2017 er ressursbruken redusert, mest i pleie og omsorg og skulen, sistnemte på grunn av færre ressurskrevjande brukarar. Bufellesskapet vil få 9 fast tilsette og dette dreg opp lønskostnadene, men disse blir i stor grad finansiert gjennom særskilt tilskot og integreringstilskot. Endring i lønskostnader fører automatisk til endring i pensjon og arbeidsgjevaravgift.

Pensjonskostnadene varierer svært mykje med den årlege reguleringspremien, som blant anna bygger på datolønsveksten. Både reguleringspremie, tilbakeføring av avkastning frå pensjonsfonda og premieavvik viser store variasjonar dei ulike åra og gjer budsjettertinga ekstra utfordrande.

Premieavviket<sup>1</sup> medfører ikkje kontanttransaksjonar, men må førast slik myndighetene har bestemt. Inntektsføring av premieavvik blir inntektsført, avsett og ført motsett veg neste år. Føringane går i 0 over 2 år, men påverkar netto driftsresultat det einskilde år.

Årleg reguleringspremie<sup>2</sup> pensjon er ofte høg ved lønnsoppgjer og låg ved mellomoppgjer. Dei åra vi har låg reguleringspremie, så har vi avsett midlar for å bruke dei i åra det er høg reguleringspremie. På denne måten får vi jamna ut svingingane i reguleringspremien.

## 2.2.4. Kraftinntekter

Skjåk kommune får årlege kraftinntekter som styrkar driftsnivået og gjev fast inntekt på næringsfondet. Oppstilling av kraftinntektene er som fylgjer;

		2017 Bud	2016 bud	2015 Rekn
Avtalekraft og konsesjonskraft	Drift	9 900 000	13 200 000	13 200 000
Eigedomsskatt	Drift	15 200 000	16 600 000	16 805 538
Konsesjonsavgift	Næringsfondet	7 240 000	7 200 000	7 246 895
Naturressursskatt	Drift (red inntektsutjamning)	12 400 000	12 300 000	12 132 461
Sum brutto inntekter frå kraft		44 740 000	49 300 000	49 384 894
Avdrag og renter avtalekraft	Drift	-2 804 000	-2 899 000	-2 850 549
Reduserte rammeoverføringar	Drift (stipulert red innt.utjamning)	-11 780 000	-11 685 000	-11 525 838
Sum netto inntekter frå kraft		30 156 000	34 716 000	35 008 507

<sup>1</sup> Premieavvik er teknisk føring av differansen mellom innbetalt premie med fradrag for berekna pensjonskostnad i pensjonskassene og går i 0 over 2 år.

<sup>2</sup> Reguleringspremie er ei årleg innbetaling for å justere opp opparbeida pensjonsmidlar etter lønnsauke mm.

# Økonomiplan 2017 - 2020

Kraftinntektene har vore stabile gjennom avtala med Skjåk Energi, men over tid kan inntektene variere med pris på kraft, rentenivå og nedbør i Skjåk. I 2015 hadde Skjåk Energi eit svakt resultat, og dei måtte tære på eigenkapitalen. Det er derfor lagt til grunn at overføringane frå Skjåk kommune blir redusert med 3,3 millionar kroner, frå 13,3 millionar kroner til 9,9 millionar kroner i 2017.

Frå 2017 går eigedomskatteinntektene ned, truleg med om lag 1,4 millionar kroner i høve til budsjettet i 2016. Staten tek inn meir på grunnrenteskatt, som kjem til frådrag på grunnlaget for eigedomsskatt. Dette aukar inntektene til staten og reduserer inntektene til kommunane. Lønnsemd på sal av kraft er kraftig redusert dei siste åra og dette reduserer i tillegg eigedomsskatten. Regjeringa har varsla at det ligg inne forslag om å ta produksjonslinjer ut av eigedomsskattegrunnlaget, noko som også vil redusere eigedomsskatten.

## 2.3. Investeringar

### 2.3.1. Samleoversikt

Investeringer bruttokostnadar	Ans	Ten	Prosj	2017	2018	2019	2020	Finansiering
Ny barneskule (rebudsjettering år 2 og 3 )	430	2220	777	66 036 000	28 438 000			Lån ( K063 / 2016 )
Skjåkhallen (berre naudsynt renovering)	430	2220	777				30 000 000	Uavklart, delvis tippemidslai
HFF bustader / avlastningsbustaser	430	2651	200		1 500 000	23 500 000		Uavklart, sal, tilskot, fond
Ofossen bru, reperasjon og opprusting	430	3331	269	575 000	1 200 000			Næringsfond
Prosjektering nytt vassverk (Uppnose - Dønfoss)	430	3403	292		500 000			Uavklart finansiering
Rehabilitering pumpestasjon Skjellkvåle	430						900 000	Uavklart finansiering
Utbygg. og samankopl, Uppnose/Dønfoss vassverl	430	3404	293				11 000 000	Uavklart finansiering
Renovering og tilbygg Bismo vassverk	430	3401	416		1 000 000			Uavklart finansiering
Bismo Vassverk, nytt UV anlegg	430	3501	416			400 000		Uavklart finansiering
Bismo renseanlegg kaldtager	430	3501	416				550 000	Uavklart finansiering
Asfaltering industrivegen (tilleggsloyving)	430	3331	213			300 000		Næringsfond
Asfaltering stikkveger	430	3331	213				310 000	Uavklart finansiering
Eigenkapitalinnskot KLP	600	1720	615	650 000	660 000	680 000	700 000	Driftsbudsjett
Bilpark	310	2543	298	500 000	500 000	500 000	500 000	Ubunde kapitalfond
Regiondata	103	1205	115	200 000	150 000	150 000	150 000	Ubunde kapitalfond
Carporter omsorgsbustader ved Brannstasjon	430	2650	204	600 000				Disp. fond 2561412
Sentrumsplan	102	3350	411			4 000 000		Ekstern finansiering
Skei tomteområde, trinn 3	102	3155	410		4 285 000			Lån, fond, inntekt
Avdragsutgifter startlån	600	2833	601	1 350 000	1 400 000	1 450 000	1 500 000	Investeringsbudsjett
Ombygg/tilpassing Skjåkheimen K068 / 2014	430	2610	202	30 000 000				Mangler inndeckning
Barnehagar strukturelle endringar	210	2010	778			30 000 000		Uavklart struktur
<b>Sum totalt</b>				<b>99 911 000</b>	<b>39 633 000</b>	<b>60 980 000</b>	<b>45 610 000</b>	
<b>Sum samla alle 4 år</b>							<b>246 134 000</b>	

Oversikta syner brutto kostnader per investering. Netto investeringar inkluderer tilskot, sal, refusjonar, momskompensasjon. Detaljbudsjettet går fram av budsjettboka. Fleire av prosjekta manglar reell finansiering er derfor berre med i økonomiplan, men ikkje i budsjettboka. Ny barneskule er rebudsjettert for 2017 og 2018. Tidligare vedtekne investeringar blir rebudsjettert i 2017 etter at årsoppgjøret 2016 er ferdig. Status på finansiering av investeringsprosjekt vil gå fram av note 14 i rekneskapen 2016.

Det må arbeidast vidare med å finne inndeckning for dei prosjekta som manglar finansiering. Ombygging inne på Skjåkheimen manglar finansiering og dette prosjektet må det arbeidast vidare med dei nærmaste månadene. Det må


# Økonomiplan 2017 - 2020

---

leggjast fram eiga sak, der det er inndekning for renter og avdrag, dersom ein skal gjennomføre prosjektet. Prosjektet blir delvis finansiert med tilskot.

Eventuell gjennomføring av prosjekt i langtidsperioden knytt til HFF bustader, Skjåkhallen og barnehagestruktur må vurderast i lys av handlingregler, effektivisering og reell inndekning for avdrag og renter.

## 2.3.2. 1 – 10 skule



I kommunestyresak 63 i 2016 gjorde kommunestyret det endelige vedtaket om 1-10-skule, og i medio juli 2016 sette bygginga i gang. Anbodet vart delt i fem delentreiparar der bygg og grunn utgjorde den største. SEBB fekk tildelt dette, og det er dei som er hovudentreprenørar i prosjektet. Rør – og varme fekk GK Rør, ventilasjon vart ved Lillehammer Installasjon, elektro ved Ottadalen Installasjon og SD-anlegget vart Hamstad AS. Per 1.november 2016 er entrepenørane i godt driv og ajour i forhold til framdriftsplan.

Utanom det reint byggetekniske blir det i 1-10-skuleprosjektet jobba med pedagogisk forankring og kulturbygging mellom skulane. Ved årsskiftet opphører engasjementet som prosjektleiar 1-10-skule, og det nye leiarteamet for 1-10-skulen skal vera på plass med rektor og to assisterande rektorstillingar.

Dei økonomiske føresetnadene går fram av kommunestyrevedtak 63. Det er ikkje rapportert avvik og framdrift er i samsvar med planar.

## 2.3.3. Ombygging inne på Skjåkheimen

Ombyggingsprosjektet er i hovudsak renovering og ombygging av alders- og sjukeheimsfløyen frå 1980-talet for å leggje til rette for etablering av ein korttids-/rehabiliteringsavdeling på 11 plassar.

Skjåkheimen har i dag 35 plassar. Ved fleire bebuarar enn 35, nyttast dei forenkla omsorgsbustadane på Bakstugu. Desse romma er avheimla som institusjonsplassar, då dei er ikkje eigna rehabiliteringsplassar. Romma har ikkje eige bad, og er

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

tronge og små. Det manglar korttids- og avlastningsplassar og observasjonsrom. Dette gjev for dårleg moglegheit og lite fleksibilitet for å ivareta det meiransvar og dei oppgåver kommunen har blitt pålagt etter samhandlingsreforma.

Konklusjon etter analyse gjennomført av Arkitektfirma Jon Vikøren as av eksisterande situasjon, er at det er behov for å sjå på ei reorganisering av avdelingane, der innbyrdes plassering av dei ulike avdelingane har vore vurdert opp i mot kommunikasjonsliner og eit ynskje om å redusere gjennomgang gjennom avdelingar. Det har og vore eit mål å få på plass fleire bueiningar med eige bad, samt betre utnytting av ein høg areal del med fellesareal.

På bakgrunn av dette blei det gjort ei vurdering av framtidig behov for plassar for å kunne gje tenestar i tråd med nasjonale føringar og Skjåk kommune si målsetting. Ein ser for seg ei slik fordeling etter ombygging: 12 langtidsplassar, 6 skjerma dementplassar, 7 opne dementplassar og 11 korttids-/rehabiliteringsplassar.

I økonomiplan for 2016 er det sett av 2,0 millionar kroner til forprosjekt. Det er gått inn avtale mellom Skjåk kommune og Arkitektfirma Jon Vikøren AS om prosjektering av ombygginga. Kalkyler i forprosjketet viser ein bruttokostnad på omlag 30 millionar kroner. Skjåk kommunestyre vedtok i sak 65/16 å gå for ombyggingsprosjketet og detaljprosjektering slik det ligg føre i forprosjketet. Planlagt byggestart er tidleg i 2017.

I forslag til statsbudsjettet for 2017 er det signalisert endringar i tilskotsordningane frå Husbanken. Med dagens ordning gjev Husbanken investeringstilskot med inntil 55% av investeringskostandane for bygging, ombygging og renovering av sjukeheimspllassar. Forslaget i statsbudsjettet er at ordninga gradvis skal bli ei ordning for netto tilvekst av omsorgspllasser. Ut frå dette er det viktig med rask oppstart for ombygging av Skjåkheimen, for å få maksimal utteljing på søknad om investeringstilskot.

## 2.3.4. Skjåkhallen



# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Skjåkhallen er den viktigaste sosiale møteplassen i Skjåk og samlar hundretals barn, ungdom og voksne kvar veke til ulik fysisk aktivitet på tvers av interesser og alder. Ein slik møteplass med tilhøyrande aktivitetstilbod utgjer ein sterk positiv faktor innan det offensive og proaktive folkehelsearbeidet.

Idretten utviklar seg som eit spegelbilete av samfunnet, og krava til arenaer og utstyr til fysisk aktivitet endrar seg i takt med dette. Det går mot stadig fleire eigenorganiserte og uforpliktande aktivitetar. Det primære målet med utbygging av anleggsmassen bør vera tilrettelegging for å få flest mogleg i fysisk aktivitet. Derfor må ein tenkje bredde og multifunksjonalitet når vi ser på det tilbodet som Skjåkhallen gjev innbyggjarane.

Eit anlegg der ein tenkjer seg eit fleksibelt konsept basert på multifunksjonalitet med brukarane i sentrum, der flest mogleg aktivitetar samlast innanfor same anleggsmasse, vil gjera Skjåkhallen og tilhøyrande anlegg til eit levande aktivitetssenter.

Ved god planlegging, organisering og tilrettelegging vil sentralidrettsanlegget kunne vera ein arena som bidreg til å redusere sosiale forskjellar i helse. Gjennom å legge til rette for både universelle tiltak, som når fram til ein stor del av befolkninga, saman med målretta tiltak for personar eller grupper med særskilte behov, er ein på rett veg mot målet om å redusere den sosiale helseulikhetita.

Renovering av eksisterande anlegg for å tilfredsstille TEK10 krav med utbygging av handicapgarderober, og tilbygg lager er svært naudsynte tiltak.

Tilbygg symjehall, grovhall, påbygg 2. etasje og renovering 2. etasje, utskifting av golv i idrettshallen med meir, vil tilfredsstille innbyggjarane sine behov for aktivitetstilbod i hallen.

Ved å ha ein nyrenovert og flott Skjåkhall vil anlegget bli meir ettertrakta å bruke og å leige og ein kan få større inntekter for bruken av anlegget.

## Driftsøkonomiske konsekvensar

Totalrenovering av Skjåkhallen vil automatisk føre til ei oppgradering av dei byggtekniske konstruksjonane til TEK 10. Dette vil mellom anna føre til tilleggsisolering av yttertak og ytterveger, noko som vil gi gevinst i lågare fyringsutgifter. Energiforbruket i Skjåkhallen er stort i dag og alt er basert på elektrisk oppvarming. Etter ei renovering vil ein stor del av energien koma frå jordvarme.

Dei tekniske installasjonane i Skjåkhallen er alle modne for utskifting. Installasjonane er tunge og driftet, treng tett oppfølging for å fungere som dei skal og det har etter kvart vorte vanskeleg å få tak i reservedelar når noko ryk sund.

Det er forslag om å bygge eit terapibasseng i tilbygg til symjehallen som skal halde konstant temperatur på 34 grader. Slik som bassenget blir drifta i dag blir bassengvatnet varma opp til 34 grader ein dag i veka. Ved heilårsdrift av bassenget krev dette ei samla energimengde 152 100 kwh/år. Ved å halde ein konstant vasstemperatur i storbassenget på 27 – 28 grader og terapibassenget på 34 grader vil det gje ei innsparing i energiforbruket på 130 000 kwh/år.

Andre viktige moment i vurderinga knytt til terapibasseng er:

- Tempertursvingingar er svært uheldige for bassengkonstruksjonane.
- Varierande temperaturar er proporsjonal med varierande avdamping, noko som gir ustabile driftsføresegner for ventilasjon- og avfuktingsagggregat.
- Skjåk kommune kan kontinuerleg tilby å bade i varmt vatn når bassenget er ope.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Skjåkhallen er eit solid bygg, men etter å ha vore i drift i om lag 35 år utan større påkostingar, er tida kome for bygningsmessige utbetingar og utskifting av tekniske installasjonar. Skjåkhallen må snart prioriterast, elles vil ein merke aukande forfall av bygget og dei tekniske installasjonane vil snart være umogleg å drifte.

Renovering av Skjåkhallen er og kostnadskrevjande. Det må avklarast kor mykje spelemidlar det er mogleg å få. Ein vil også få innsparingar på straumkostnader.

I skisseprosjektet frå 2014 er kostnadane for renovering og ombygging av Skjåkhallen fordelt slik:

3 Skjåkhallen totalrenovering	430	3810	777	24 980 000
4 Skjåkhallen tilbygg svømmehall	430	3810	777	9 448 000
5A Skjåkhallen tilbygg lager	430	3810	777	2 556 000
5B Skjåkhallen tilbygg grovhall	430	3810	777	7 695 000
6 Sjåkhallen påbygg 2 etasje og ombygging	430	3810	777	27 193 000
7 Skjåkhallen skifte av gulv i hallen	430	3810	777	750 000
9 Varmeanlegg	430	2220	777	2 186 000
11 Renovering svømmehallen	430	3810	777	3 950 000
13A og 13B Byggelånsrente skule og Skjåkhallen	430	2220	777	<u>2 138 000</u>
Sum kostnader Skjåkhallen				<u>80 896 000</u>

Ved ei totalrenovering av eksisterande bygningsmasse og utskifting av tekniske installasjonar vil bruttokostandane kome på vel 30 millionar kroner.

## 2.3.5. Vatn, avlaup og renovasjon

Det er eigne planar for vatn, avlaup og renovasjon både når det gjeld investeringar og vedlikehald.

Nye Bismo reinseanlegg vart overteke og teke i bruk i mai 2016. Prøvedrift på anlegget vil vare fram til mai 2017 og den formelle overtakinga av tekniske installasjonar vil skje på dette tidspunktet.

## 2.3.6. HFF bustader

I økonomiplan for 2016 er det sett av 850 000 kroner til utarbeiding av skisseprosjekt av nye HFF-bustadar. Det er gått inn avtale mellom Skjåk kommune og Arkitektfirma Jon Vikøren AS om utarbeiding av skisseprosjekt. Skisseprosjekt med kalkyle skal være ferdig innan utgangen av oktober 2016.

I skisseprosjektet blir det lagt opp til at det blir bygt 5 nye HFF-bustadar, 3 avlastningsbustadar, samt felles oppholdsrom og vaktrom. Det er forslag om å rive eksisterande HFF-bustadar og bygge ny bygningsmasse på same tomta. Grunngjevinga for riving av eksisterande bustadar er i hovudsak at bustadane har ein teknisk dårleg standard og at planløysingane til bustadane ikkje er formålstenlege for avlastning.

Nye HFF-bustadar/avlastningsbustadar har ei førebels kalkyle på 25 - 26 millionar kroner. Prosjektet vil kvalifisere for investeringstilskot frå Husbanken. Med dagens ordning gir Husbanken investeringstilskot med inntil 45% av investeringeskostandane for bygging av omsorgsbustadar. Forslaget i statsbudsjettet for 2017 er at ordninga gradvis skal bli ei ordning for netto tilvekst av omsorgsplasser. Ut frå dette er det viktig med rask oppstart for bygging av nye HFF-bustadar / avlastningsbustadar for å få maksimal utteljing på søknad om investeringstilskot.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---



## 2.3.7. Barnehagestruktur

Ei samling av barnehagane vil ha god driftsøkonomisk effekt. Ein barnehage vil truleg gje reduserte driftskostnadar på om lag 4 millionar kroner i året samanlikna med driftsnivå 2015. To barnehagar kan gje reduserte driftskostnader på om lag 1,2 millionar kroner. I tillegg gjev det andre store fordelar i forhold til bruk av personell og kompetanse.

Dei driftsøkonomiske innsparingane ved 1 barnehage blir vesentleg større enn avdrag og renter, dog avhengig av rentenivået. Kommunalsjefen har også omtala barnehage under punkt 4.2.1. Prosjektet ligg i økonomiplan utan inndekning for avdrag og renter under bygging, men det er ønske om å framskynde prosjektet, som eit ledd i å betre budsjettbalansen og få råd til oppgradering av Skjåkhallen. «Pukkelkostnader» i form av renter og avdrag, før ein oppnår effektivisering, må i tilfelle dekkjast inn i eigen sak.

### Vedtak i Skjåk kommunestyre – 19.9.2016

1. *Det blir sett i gang eit planprosjekt for å bygge ein ny barnehage eller utbygging av eksisterande barnehage i Bismo slik at Skjåk får totalt 108 barnehageplassar og 6 avdelingar.*
  - a. *som påbygg og ombygging av Bismo barnehage.*
  - b. *ny plassering av barnehage for eksempel på andre sida av RV15.*
2. *Det skal utgreiaast eit alternativ med ein barnehage med 36 plassar i Dønfoss og utbygging/ombygging til 72 plassar (4 avdelingar ) i Bismo.*
3. *Barnehagen i Holemark blir lagt ned.*
4. *Kommunestyret oppnemner byggekomite til å utarbeide plan for ny barnehage.*

«Byggekomite for utarbeiding av plan for ny barnehage» skal utarbeide grunnlag for endeleg vedtak om bygging eller ombygging. I plangrunnlaget må det mellom anna klargjerast vilkåra for drift av inntil 36 plassar i Dønfoss og plassering av

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

barnehagen i Bismo. I dei utrekningar som er gjort er det ikkje rekna med investeringskostnadene i Dønfoss.

Endeleg vedtak om bygging bør vere klart før økonomiplan 2018 -2022. Anbodsprosess blir gjennomført 2018 med målsetting om byggestart hausten 2018 og at Holemork barnehage kan leggast ned hausten 2019.

Det er tidligare budsjettet med 2 millionar kroner til planarbeid for å planlegge ny barnehagestruktur. Dette må i tilfelle rebudsjetterast eventuelt i 2017, da det ikkje ligg inne i siste økonomiplan.

Desse midlane må bli nytta til å gjennomføre planprosjekt der forslag til ny barnehagestruktur blir lagt fram etter følgjande prioritering:

1. Sikre eit godt barnehagetilbod til alle ungar i Skjåk.
2. Best mogleg utnytting av personalet og kompetansen i personalet.
3. Mest mogleg rasjonell organisering av barnehagetilbodet for å sikre ei økonomisk berekraftig drift.

## 2.3.8. Tomteområde

Aurmo og Uppnose har ledige utbyggingsklare tomter. I Bismo vart det i trinn 2 for Skei lagt til rette for 21 nye bustadtomter ovafor Skjåkheimen. 6 av desse er øyremarka kommunalt bruk og 7 er alt bebygde. Det er da att 8 tomter og 2-3 av desse er vanskeleg å få selt, fordi dei er bratte og har dårlig grunn.

Trinn 3 vil gje 10 nye tomter ovafor det gamle gardstunet i Skei.

Kostnadsoverslaget er på 4,285 millionar kroner.



Området som er omfatta av tidlegare Skamsar camping er under omregulering og vil gje 7 bustadtomter og eit areal på 4 dekar som er tenkt nytta til omsorgsbustader.

Kommunen bør erverve arealet til omsorgsbustader og dei 5 tomtene som ikkje er bygd på.

## 2.3.9. Bustadplan

Bustadplan skisserer fleire behov for bustader. Dei mest aktuelle er ombygging inne på Skjåkheimen og bygging av nye HFF bustader. Det er bygd flyktningbustader. Vi har 63 bueiningar.

Gjennom bustadplan er det og omtala behov for bustadar til vankelegstilte, ungdomsbustadar og overgangsbustadar.

## 2.3.10. Sentrumsplan

Kommunestyret godkjente i 2011 revidert sentrumsplan for Bismo som inneheld både nye tiltak og vedlikehald av eksisterande infrastruktur. Det er viktig å ha eit attraktivt kommunesentrum både for at dei som bur her skal trivast og for at gjennomreisande skal stoppe her. Av større tiltak er fortau langs nordsida av riksveg 15, ny bussterminal, ny bussoppstillingsplass ved ungdomskulen og skatepark gjennomført.

Av større tiltak står att:

- Opprusting på Skeimoplassen (fontene, rehabilitering av belegningsstein)

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

- Gangstig langs Fjuken
- Plass med vasspeil og aktivitetsmogleheter ved kjøpesenteret
- Oppstramming av parallelleveg forbi kjøpesenteret
- Tiltak langs gangveg lengst vest i Bismo (busslommer, beplantning)

Tiltaket med vasspeil og aktivitetsområde ved Kjøpesenteret kan vise seg vanskeleg å gjennomføre da det legg beslag på stort parkeringsareal, og Skjåk kjøpesenter har signalisert at dei ikkje ynskjer dette her.

## 2.4. Balansepostar

### 2.4.1. Eigedomar og anlegg

Skjåk kommune har over tid bygd og teke godt vare på sine anlegg. Kommunen er liten i folketall, men har ei stor og funksjonell bygningsmasse, langt betre enn kommunar som er vesentleg større enn oss. Kommunehuset er renovert. Ungdomskulen er renovert i 2010 – 2011. Anlegga i Marlo og Nordberg er i relativt god stand, sjølv om bygga er eldre. Det er likevel viktig å samle skuleanlegga med tanke på framtida. Det er tre gode barnehagar, der det er stort behov for å renovere i Holemark barnehage. Det er lagt opp til at det blir 1 eller 2 barnehagar i framtida.

Institusjonsbygget er i svært god stand. Det vil bli arbeidd med å renovere nokre rom inne på Skjåkheimen. Kommunen har 63 bustadar, dei fleste i god stand. I bustadplan er det skissert framtidige behov når det gjeld flyktningbustader, HFF bustadar, omsorgsbustader, bustadar til vanskelegstilte, ungdomsbustadar og overgangsbustadar. Det må arbeidast vidare med å finansiere behova for nye bustadar. Det er tilskotsordningar som vil lette finansieringa. Skjåkhallen er klar for renovering og det må arbeidast vidare med i kor stort omfang ein må renovere anlegget.

For vedlikehald av bygg og anlegg, vatn og avlaup og kommunale vegar er det utarbeida eigne vedlikehaldsplanar. For å kunne følgje vedlikehaldsplanane er ein avhengig av at det blir avsett midlar til vedlikehaldet. Vedlikehaldsbudsjettet burde vore om lag 2 millionar kroner høgare kvart år for å kunne gjennomført naudsynt vedlikehald til rett tid.

### 2.4.2. Fond

Fondsituasjon er slik;

- På næringsfondet står det igjen vel 1,2 millionar kroner etter løyvingar til og med oktober. Fondet får påfyll på vel 7,2 millionar kroner ved årsskifte.
- Det er igjen knapt 90 000 kroner disposisjonsfondet etter oktober.
- Ubunde investeringsfond står det igjen vel om lag 1,2 millionar kroner. Midlane blir brukt til investeringar i 2017 og framover.

Det blir lagt fram full oversikt over fonda både samla og på detaljert nivå når rekneskapen for 2016 blir lagt fram.

# Økonomiplan 2017 - 2020

## 2.4.3. Arbeidskapital

Arbeidskapitalen omfattar omlaupsmidlar som bankinnskot, fordringar og premieavvik, med frådrag for kortsiktig gjeld og ubrukte lånemidlar. Dette tilsvrar likviditetsreserve, fond og siste års resultat. Kommunen sin arbeidskapital har utvikla seg slik dei siste 5 åra;

Kortsiktig eigenkapital - arbeidskapital	2015	2014	2013	2012	2011
Omløpsmidler	120 926 443	142 551 959	129 667 242	111 506 781	101 337 736
Kortsiktig gjeld	-34 156 329	-29 897 693	-27 458 422	-28 578 590	-23 927 449
Ubrukte lånemidler	-19 576 800	-37 690 230	-23 686 284	-13 066 190	-10 265 401
Arbeidskapital aktiva	67 193 314	74 964 036	78 522 536	69 862 001	67 144 886
Likviditetsreserve	-14 195 984	-15 839 000	-15 639 000	-15 139 000	-14 759 000
Fondsmidlar	-46 550 751	-51 236 557	-52 704 385	-50 761 620	-45 557 181
Rekneskapsmessig overskot/ underskot	-6 446 579	-7 888 479	-10 179 151	-3 961 381	-6 828 705
Disponible midlar passiva	-67 193 314	-74 964 036	-78 522 536	-69 862 001	-67 144 886

Skjåk kommune har hatt god arbeidskapital over tid, blant anna på grunn av høg likviditetsreserve, men arbeidskapitalen er redusert sidan 2013. Det blir ny oppdatering med 2016 når rekneskapen bli avgått.

Arbeidskapitalen er budsjettert å utvikle seg slik, utan at nokre større investeringar er lagt inn på grunn av manglande finansiering;

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2016	Rekneskap 2015
Anskaffelse - anvendelse av midler	-1 187 000	-7 686 000	2 652 000	-3 494 000	-3 373 000	-7 770 722
Endring i ubrukte lånemidler	0	0	0	0	0	-18 113 430
Endring i regnskapsprinsipp som påvirke	0	0	0	0	0	0
Endring i regnskapsprinsipp som påvirke	0	0	0	0	0	0
Endring i arbeidskapital	-1 187 000	-7 686 000	2 652 000	-3 494 000	-3 373 000	-25 884 152

Arbeidskapitalen kan bli litt betre enn denne framstillinga syner. Det lagt inn bruk av fond frå pensjonsfond reserve med 1 millionar kroner. Vi må kjøre like formlar på pensjon i heile 4-årsperioden. Ein vil legge opp til å avsette midlar når reguléringspremie er låg. Det skal arbeidast vidare med å betre korrigert netto driftsresultat i samsvar med handlingsregel.

Premieavvik<sup>3</sup> pensjon påverkar arbeidskapitalen negativt i 2018 og 2020 og det er litt av forklaringa på at arbeidskapitalen har større negativ utvikling disse åra.

## 2.5. Framtidsutsikter

Skjåk kommune er på mange måtar godt budd på framtida med gode anlegg, høge kraftinntekter og høgt driftsnivå på tenestene.

Det er likevel store utfordringar og disse har vore aukande. Beslutningstakarar ynskjer satsingar og omprioriteringar, men det er ofte utfordrande å finne inndekning.

Frå 2017 mister vi vesentlege kraftinntekter i form av eigedomsskatt frå kraftselskap og overføringer frå Skjåk energi. Vi har nedgang i folketal over tid. Vidare er det ynskje om store investeringar og vedtak om å redusere bruken av næringsfond internt, for å auka satsinga på bedrifter og landbruk. Utfordringane inneber at det må gjerast klare

<sup>3</sup> Premieavviket medfører ikkje kontantstrøm, men er ein differanse mellom teknisk utrekning av kostnad og innbetalt premie

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

prioriteringar og strukturelle endringar. Vi har gode moglegheiter til å frigjere handlingsrom gjennom å redusere eit høgt driftsnivå.

Det er viktig at kommunen fylgjer handlingsreglane, da disse fastset lånegjelda på eit høgt nivå og netto driftsresultat korrigert for momskompensasjon på eit lågt nivå. Eit korrigert negativt netto driftsresultat er ikkje berekraftig.

Vi har oppnådd og vil oppnå ytterlegare effekt av strukturelle endringar i omsorgstenester, da det er lagt til rette for at eldre skal klare seg sjølv lenger heime og i tilrettelagte bustader. Det vil og bli vesentlege effektar av ny struktur på skule og eventuelt barnehage. Ei auke i samarbeid med andre kommunar kan og redusere kostnadene.

Det er naudsynt å arbeide for å redusere driftsnivået framover, slik at ein held seg innanfor handlingsreglane kommunestyret har vedteke og samtidig legg til rette for satsingar på næringsliv og eigen finansiering av investeringar.

## 3. Medarbeidarar

### 3.1. Hovudmålsettingar

Personalet er kommunen sin viktigaste ressurs. Målet for personalpolitikken er å rekruttere, halde på og vidareutvikle arbeidstakarane. Dette for at kommunen som organisasjon kan drivast på ein effektiv måte, og gje best mogleg tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar.

Personalpolitikken skal leggast opp med sikte på høg grad av trivsel for å oppnå optimal utnytting av personalressursane.

Kommunen sine medarbeidarar skal vere løysingsorienterte. Leiarane skal oppmuntre til sjølvstende og i stor grad delegera mynde. Leiinga skal også oppmuntre til nytenking og toleranse.

### 3.2. Arbeidstid og heiltidskultur

Omgrepet «ufrivillig deltid» har den seinare tida endra ordlyd til «heiltidskultur». I det ligg ein intensjon om at det er heiltid som skal vera utgangspunktet og norma – deltid er unnataket. Skjåk kommune har dei siste åra arbeidd aktivt i lag med dei tillitsvalde for å redusere ufrivillig deltid og etablere ein heiltidskultur.

Det vert ved alle utlysingar av ledige stillingar vurdert korleis ein kan få til størst mogleg stillingsstorleik, m.a ved å slå saman fleire mindre stillingar. Det har dei siste åra også vore mange saker om rett til stilling etter Arbeidsmiljølova § 14-9, midlertidig tilsetting, (fireårsregel) og § 14-4 a, rett til stilling for deltidstilsette tilsvarende faktisk arbeidstid, (eittårsregel).

Skjåk kommune deltek i 2016 i KS sitt nettverk for arbeidsgjeverpolitikk. I samband med dette arbeidet er heiltidskultur eit av satsingsområda. Vi har hatt ei kartlegging av ufrivillig deltid i pleie og omsorg våren 2016. Vi ser at vi framleis har nokre få tilsette som ynskjer seg opp i stilling, men at omfanget er langt mindre enn for nokre år attende.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## 3.3. Fråvær

Skjåk kommune er ei IA-kommune som jobbar målretta for å redusere sjukefråvær blant sine tilsette og styrke arbeidet med tilrettelegging, både for å unngå sjukmeldingar, og for å lette attendeføring av sjukemeldte til jobb. I dette arbeidet er relasjonen mellom den enkelte arbeidstakar og nærmeste leiar særsviktig, og samarbeid og samhandling mellom desse, legar, jordmor, NAV, bedriftshelseteneste og kommunen sin personaladministrasjon.

Skjåk kommune har hatt eit varierande sjukefråvær dei siste åra. Ved utgangen av september 2016 er fråværet på totalt 7,9 %.

Forsking viser at det ikkje er enkle faktorar som forklarar sjukefråvær. Dette er eit samspel mellom arbeidstakar, leiar, lege og NAV, og det vil kunne vere både private og arbeidsplassrelaterte grunngjevingar. Likevel vil sjukefråvær koste samfunnet og arbeidsplassen store summar kvart år, i tillegg til at det er ei bør for den enkelte sjukmelde. Det er viktig å presisere at folk må kunne vere sjuke og få ei adekvat medisinsk behandling, og at dei er sjukmelde som ein del av det.

Generelt kan vi seie at korttidsfråværet i Skjåk er ganske lågt, det er langstidsfråveret som dreg opp statistikken mest. Vi har også enkelte tenesteområde som har høgare fråvær enn andre.

## 3.4. Kompetanseutvikling og rekruttering

Skjåk kommune arbeider med kompetanseplanlegging i forhold til kompetansebehovet i tenestene og behovet for kompetanseutvikling/rekruttering på stutt og lengre sikt. Enkelte tenesteområde er noko lenger kome enn andre, som skule og barnehage.

Rekruttering og kompetansetiltak blir ofte lite målretta og tilfeldig, dersom ein ikkje vurderer dette systematisk ut frå oppgåver og behov for kompetanse i tenestene. Frå 2015 har kommunen etablert eit eige kompetanseutval med rådmann, ass. rådmann, kommunalsjefar, personalkonsulent og hovudtillitsvalde. Utvalet fattar enkeltvedtak om økonomisk støtte til utdanning.

Tilrettelegging av tilbod til lærlingar, og tilrettelegging for å ta imot lærlingar er viktig. Det er mange grunnar for å ta imot lærlingar. Dette er viktig i rekrutteringssamanheng, og kommunen har eit samfunnsansvar for å legge til rette for at ungdom har skuletilbod og kan få fagbrev. Det å ta inn lærlingar er med på å stimulere til kvalitetsutvikling av tenestene våre, og lærlingane er ein viktig ressurs som medarbeidarar i kommunen. Det har den siste tida vore fokus på å auke talet på læreplassar, og ved å legge til rette med fleire og gode læreplassar i kommunen vil dette vere ein del av omdømmebygging for Skjåk kommune. Vi har nå fleire lærlingar enn på lang tid. I 2016 har kommunen teke inn 4 nye lærlingar, og ved utgangen av september 2016 har vi 6 lærlingar totalt. Dette er fordelt på 3 ulike fag. 2 på IKT-servicefag, 2 barne- og ungdomsarbeidrarar og 2 helsefagarbeidrarar. Ein lærling i institusjonskokkfaget tok fagbrev 31.8.2016. Skjåk kommune er godkjent lærebodrift i totalt 6 fag, dette er barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar, kontor- og administrasjonsfag, IKT-servicefag, institusjonskokk og dataelektronikkfaget. Vi har ein intensjon om å ta inn totalt 4 nye lærlingar kvart år i økonomiplanperioden, og desse skal vere fordelt på ulike fag.

# Økonomiplan 2017 - 2020

## 4. Presentasjon av hovudområde


### 4.1. Administrasjon og støttefunksjonar

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2016
100 RÅDMANN	6 966 000	6 466 000	5 966 000	5 466 000	7 110 000
101 KULTUR	1 722 000	1 722 000	1 722 000	1 722 000	1 673 000
102 PLAN, MILJØ OG BERDEDSKAP	4 864 000	4 864 000	4 864 000	4 864 000	4 836 000
103 PERSONAL OG ORGANISASJONSUTVIKLING	1 568 000	1 568 000	1 568 000	1 568 000	1 500 000
104 ØKONOMI	3 349 000	3 349 000	3 349 000	3 349 000	3 379 000
150 ASS. RÅDMANN OG STØTTEFUNKSJONAR	11 092 000	11 095 000	11 005 000	10 980 000	10 813 000

#### 4.1.1. Støttefunksjon

Støttefunksjon som er samansett av Skjåk folkebibliotek, IT-tenesta for Lom og Skjåk, Servicetorget og Tildelingskontoret for Lom og Skjåk.

Felles for tenestene i Støttefunksjonen i Skjåk er at dei er til for brukarane enten internt i Skjåk kommune, eller ut mot publikum, og ofte begge delar.



#### Skjåk folkebibliotek og Studiesenteret

Skjåk folkebibliotek er ein av få møteplassar som er ope for alle i Skjåk, og er såleis ein viktig møteplass for barn, unge, eldre og flyktningar. Skjåk folkebibliotek er ein god og viktig kulturformidlar og har mange arrangement i løpet av eit år, for alle aldersgrupper.

Skjåk folkebibliotek ligg over gjennomsnittet for Norge når det gjeld utlån og bruk av biblioteket. Bokbussen er flittig brukt av skulane.

I dag held vi ope for publikum 22 t pr veke, fordelt på 5 dagar. Turistinformasjon har gjeve moglegheit for sommarope bibliotek med auka opningstider, og eit betre tilbod til publikum. Det viser seg at biblioteket er ein viktig møteplass om sommaren for t.d flyktningane.

Som tidlegare år er det i budsjettet for 2017 lagt inn midlar for å halde fram med ope bibliotek kvar laurdag og 2 kveldar i veka. Det er viktig å halde biblioteket ope på kveld og i helgane, da biblioteket er ein viktig møteplass og ikkje berre for utlån.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

For å klare å halde ope på kveldstid og laurdagar, samt møte krav som ligg i Forskrift i opplæringslova §21.1 er det naudsynt å styrke Skjåk folkebibliotek med 60% stilling som barne- og ungdomsbibliotekar. Dette vil gjere at vi klarer å møte behovet som kjem når 1-10 skulen kjem til Bismo. Dette er det likevel ikkje funne rom for i økonomiplan.

Kutta som ligg inne i budsjettet fører til at biblioteket har mindre handlingsrom til å kjøpe utlånsmateriell. Dette kan m.a. vere ueheldig med tanke på ny 1-10-skule som kjem om kort tid.

Studiesenteret blir mykje brukt av bibliotekets brukarar, til datakurs i regi av biblioteket og andre interne og eksterne kurs. Rommet må utbetrast til dagens krav til kurs- og møterom.

## IT Lom og Skjåk

Samlege tilsette i Skjåk er avhengige av IT-tenesta for å kunne yte tenester ut mot sine brukarar. IT-tenesta syrgjer for at dei kommunale digitale tenestene til ei kvar tid er operative slik at dei tilsette har dei digitale verktya dei treng for å utføre sine oppgåver på ein ryddig og god måte.

Lom og Skjåk har felles IT-teneste der Skjåk er vertskommune. IT har i tillegg til dette eit breitt regionalt samarbeid gjennom Regiondata, og ei felles supportteneste på tvers av kommunane.

IT-tenesta er viktige som samarbeidspartnerar og pådrivarar når det gjeld innteningspotensiale for heile organisasjonen. Regiondata har eit vedtak på at kommunane skal vere fulldigitalisert innan 2020. For å få til dette må det vere vilje til å investere for framtidig innsparing. Ein må ha ein felles aksept og forståing for at den digitale arbeidsplassen må bli digital, og at ein såleis kan kutte kostnader forbunde med produksjon av papir. Det må og arbeidast systematisk for å minske avstandsulempene vi har i Skjåk. I 2016 innførte vi Skype for business, og driv opplæring av brukarar på dette no. Dette vil forhåpentlegvis føre til reduserte reisekostnader innan alle tenester i Skjåk kommune, da den enkelte i større grad kan delta på møte via video.

Skjåk kommune må syrgje for at vi kan halde arbeidskritisk verkty (=datamaskiner) oppdatert på eit forsvarleg nivå for tilsette og elevar. Budsjettet for 2017 legg ikkje til rette for den sama utskiftingstakta framover, da ein vil prioritere å kjøpe nye PC'ar til 8.-klasseelevane som skal starte hausten 2017. Ved at vi no ikkje kan gjere innkjøp når det er naudsynt vil organisasjonen kunne få eit etterslep og produktiviteten vil minske. Kuttet er ikkje godt synleg da innkjøp av PC'ar til 8.klasse hausten 2016 vart gjort etter eiga løyving. Vidare kutt i innkjøp av utstyr vil føre til at dei tilsette på IT brukar større del av tida si til brannslokking/løysing av øyeblikkelege problem. Mindre tid vil kunne brukast til å underbygge tenesteproduksjonen i kommunen. Dette kan føre til at kommunen ikkje kan utøve lovpålagte tenester. For legetenesta kan gamalt utstyr gå ut over liv og helse.

Resultatet av ein gammal datapark er mellom anna:

- Større belastning på support (=timer som kunne vore brukt til utvikling)
- Større belastning på sluttbrukar (=timer vi som arbeider i Skjåk kommune ikkje får utført jobben vår, elevane ikkje får brukt til læring)
- Mindre tenesteproduksjon (dette vil gå ut over brukarane)
- Større kommunal kostnad i form av tapt arbeidstid
- Skjåk kommune vert ein mindre attraktiv arbeidsgjevar

Pr i dag er det 2 fast tilsette i IT Lom og Skjåk, dette utgjer 1 årsverk i Skjåk. I tillegg deler Lom og Skjåk på ein lærling, samt at Skjåk har ein eigen IT-lærling i vår organisasjon. Lærlingen som starta hausten 2015 vil har i Lom, da den førre lærlingen hadde base i Skjåk.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Mao har Skjåk p.t. 1 årsverk på IT som skal betene alle tilsette og elevar i Skjåk kommune. Det er anbefalt at ein har ein dataansvarleg pr 65-150 eining i ein organisasjon. I Skjåk har vi 450 einingar + alle smarttelefonane som skal synkroniserast på ein tilsett. Det er eit ynskjer både frå tenesta sjølv og tenestene som er avhengig av IT sine tenester at IT-tenesta blir styrka med 50% i kvar kommune, mao 1 årsverk til saman. Ved overgang til 1-10-skule forventar vi ei stor innsparing når det gjeld linjeleige til kommunale bygg i Bismo. Denne innsparinga kjem for fullt først i 2019.

## Servicetorg og arkiv

Servicetorget er det dei fleste møter når dei tek kontakt med Skjåk kommune. Vi er gode på service både ut mot publikum og internt overfor dei tilsette i kommunen. Det meste som skjer i Skjåk kommune er på ein eller annan måte innom servicetorget, t.d. på telefon, gjennom post, e-post og arkivsystemet eller skranke.

På Servicetorget finn ein i tillegg til skrankefunksjonane arkiv, bustadsosialt arbeid, politisk sekretariat og administrasjon av kommunale bygg

Det er venta å sjå ein nedgang i portoutgiftene no som vi har gått over til elektronisk forsending frå vårt arkivsystem, vi i løpet av 2017 få fleire fagsystem over på elektronisk forsending. Det vil og vere eit steg på vegen i å digitalisere kommunikasjonen med innbyggjarane i kommunen. Samstundes vil det og bety at dei tilsette på Arkiv truleg vil få nokre fleire oppgåver med tanke på eit meir heilheitleg arkiv i kommunen.

I dag er skranka i Servicetorget utforma på ein måte som ikkje er hensiktsmessig korkje for dei tilsette eller publikum. Det krev ei ombygging å få endra på dette.

## Tildelingskontoret Skjåk og Lom

Tildelingskontoret er eit forvaltningsorgan som handsamar alle søknader innan pleie- og omsorgstenesta i Lom og Skjåk kommune.

Tildelingskontoret fattar vedtak om tenester, tildeler parkeringsbevis og transporttenester for forflytningshemma, samt er med i den kommunale bustadsforvaltninga. Koordinerande eining er ein lovpålagt funksjon som er lagt til tildelingskontoret.

Dei tilsette ved tildelingskontoret har ei god og brei kompetanse. Vi har god kompetanse på sakshandsaming og er gode på brukar/pasient- og pårøranderelasjonar.

Ei aukande mengde yngre brukarar krev meir ressursar og vil vere utfordrande framover. Det er aukande forventing om tildeling av ulike tenester, samt at publikum er meir bevisst sine rettigheter. Dette fører til auka mengde saksbehandling for tildelingskontoret. Tildelingskontoret samarbeider med fleire tenester både i Lom og Skjåk kommunar. Det er viktig å ha nok tid og rom for god dialog både med brukarane og samarbeidstenestene. Vedtaka tildelingskontoret gjer påverkar andre tenester i tenesteapparatet. Det er viktig at dei har rom for å halde seg fagleg oppdatert.

## Økonomi

Avdelinga består av 4 årsverk, økonomisjef, medarbeidararar på løn, rekneskap og fakturering. 4 kommunar samarbeider om skatteoppkrevjarfunksjon og 6 kommunar samarbeider om arbeidsgjevarkontroll. Vågå kommune er vertskommune for samarbeid.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## 4.1.2. *Miljø, plan og beredskap*

Tenesta er ein stabsfunksjon under rådmannen og utgjer 3 årsverk med desse hovudarbeidsområda:

- Plan, utbyggingsområder, byggesak, brann og beredskap
- Naturforvaltning, miljøvern og kraft
- Kart og oppmåling

Bemanninga har vore stabil og det er ingen kjente større utfordringar framover.

På kart og oppmåling er det etablert eit godt samarbeid med Lom der kommunane hjelpt kvarandre ved behov.

På beredskapsområdet har vi overordna beredskapsplan og risiko- og sårbarheitsanalyse godkjent av kommunestyret i 2016.

### Planstrategi

For kvar valperiode skal det utarbeidast ein planstrategi som viser kva planer kommunen vil prioritere i perioden. Det skal takast omsyn til Nasjonale forventningar i dokumentet. Planstrategien for Skjåk vart vedteke hausten 2016.

### Kommuneplan.

Kommunestyret har vedteke at både samfunnssdelen og arealdelen av kommuneplanen skal reviderast og planlagt vedteken i oktober 2016. Plan, miljø og beredskap vil ha hovudansvaret for arealdelen, samfunnssdelen vil bli spreidd på fleire områder men næringssjef har hovudansvaret.

### Klimaplan

Gjeldande klimaplan vart godkjent av kommunestyret i 2010. Målet med planen er at kommunen skal bidra aktivt til at nasjonale målsettingar blir nådd når det gjeld energiomlegging, energieffektivisering, reduksjon av klimautslipp og bedre utnytting av ressursane i vasskraft og skog.

Planen har ei rekke tiltak som krev løyingar. To større tiltak er løyst, det er omlegging av energibruk ved Glasitt til vasskraft og bygging av ladestasjon i Bismo. Enda ein større ladestasjon for Tesla er under bygging på Skeimoplassen. Energieffektivisering på kommunale bygg er teke med i budsjettframlegg til teknisk drift.

Bygging av biobrenselanlegg i Bismo har så langt vist seg vanskeleg å gjennomføre fordi kommunen da misser tilsvarende mengde konsesjonskraft og eit slikt anlegg vil da vera ulønsamt.

Tiltak som ifølgje klimaplan bør iverksettast:

- Innkjøp av el-biler
- Innføring av miljøveke (informasjon) 50 000 kroner per år
- Enøk-tiltak private husstandar 100 000 kroner per år

### Miljøstasjon

I samband med at Glasitt treng meir plass i industriområdet i Bismo, må truleg miljøstasjon flyttast.

Så langt har Miljø- og næringsutvalet drøfta ulike lokaliseringar, og konklusjonen er at den bør flyttast ut frå Bismo, men heller ikkje lokaliserast for langt unna sentrum i kommunen.

Ny miljøstasjon vil kosta om lag 4 millionar kroner og flytting av veg i industriområdet om lag 1 million kroner. Glasitt vil dekke deler av dette.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## 4.1.3. Oppsummering av satsingar og tiltak knytt til økonomiske utfordringar

Det er under planlegging mange store investeringsprosjekt dei komande åra. Disse er omtala under eige punkt. For vedlikehald av bygg og anlegg, vatn og avlaup og kommunale vegar er det utarbeida eigne vedlikehaldsplana. For å kunne følgje vedlikehaldsplana er ein avhengig av at det blir avsett midlar til vedlikehaldet. Vedlikehaldsbudsjettet burde vore om lag 2 millionar kroner høgare kvart år for å kunne gjennomført naudsynt vedlikehald til rett tid.

Sysselsettingsgruppa har tidlegare år vore budsjettet som eit 0-oppgjør. Både i 2015 og 2016 går sysselsettingsgruppa i underskot, noko som i hovudsak skuldast auka husleige, auka personalkostnad, redusert tilskot frå NAV og mindre salsinntekter enn budsjettet. For 2017 er det budsjettet med eit underskot for sysselsettingsgruppa på ca. 250 000 kroner.

For 2017 er det forslag om prisauke for vassavgift frå kommunale vassverk auka utover normal prisstigning. Dette skuldast at gebyr for vassavgift i Skjåk er låg sett opp mot andre kommunar i distriktet. Vassavgiftene blir i dag i hovudsak utrekna etter eit stipulert forbruk på 200 m<sup>3</sup> per abonnement for bustadhus og fritidsbustadar. Dette er ei ordning som er enkel å administrere, men kan verke urettferdig for husstandar med lite vassforbruk. For å få til ei rettferdig avrekning av vassavgift bør det på sikt monterast vassmålarar slik at abonnentane betaler etter faktisk forbruk.

For å kome inn i budjettrama er det ikkje lagt opp til open symjehall i 2017.

Tiltak kan oppsummerast slik:


Tiltak	Innsparing	Kommentar
Reduksjon i administrasjon – blir konkretisert ved naturleg avgang	Kr 500 000	Det er lagt inn 500.000 i reduksjon kvart år dei 4 neste åra.
Reduserte kostnadsposter i administrasjon og kultur	Kr 435.000	Mindre utgifter administrasjon utgjer 310.000 kroner og løypekjøring er redusert frå 250.000 kr til 125.000 kroner.
Vedlikehald	Kr 1 330 000	Vi må arbeide for å auke vedlikehaldsbudsjettet framover.

Det vil bli arbeid med å utvikle interkommunalt samarbeid for å effektivisere og redusere kostnadene, både innanfor tenesteyting og forvaltning. Det er i første omgang starta opp med å sjå samarbeid innanfor helsetenestene.

# Økonomiplan 2017 - 2020

## 4.2. Oppvekst og utdanning

Leiarstruktur pr. 01.01.2017:



### 4.2.1. Barnehage

Dei tre barnehagane i Skjåk driv godt. Men på grunn av at vi har tre små barnehagar blir driftskostnadane av barnehagetilbodet i kommunen høge. I tillegg til reduserte driftskostnadar, vil ei samling i ein barnehage og legge grunnlag for betre å sikre kvaliteten på tenestetilbodet i framtida. Det er mellom anna vanskeleg å utnytte kompetanse på tvers av barnehagane, slik det no er. Dersom vi samlar barnehage og skule i Bismo, vil vi og lettare kunne bruke kompetanse mellom barnehage og skule. Det er i forslag til Økonomiplan 2017 -2020 lagt inn som føresetnad ein felles barnehage i Skjåk.

Kommunestyret har vedteke at Holemark barnehage skal leggast ned, og at det utgreiast to alternativ,- ein felles barnehage i Bismo og i tillegg eit alternativ med fortsatt barnehage i Dønfoss, men med to avdelingar.

Kommunestyret vel ei plangruppe som skal arbeide fram planalternativ før vedtak i økonomiplan for 2018-22. Uavhengig av vedtak om struktur og bygging, vil arbeidet for å sjå mogelegeheter for omleggingar som kan vere med å sikre kvalitet og utvikling av barnehagane i Skjåk halde fram.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## Ny rammeplan for barnehagane

Regjeringa har lagt fram forslag til ny rammeplan for barnehagane.

Rammeplanen gjev retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Alle barnehagar skal bygge verksemda på verdigrunnlaget og innhaldet som er fastsatt i barnehageloven, og på internasjonale konvensjonar som Norge har slutta seg til. Den gamle forskrifta om rammeplanen («Barnehagens formål og innhald»), gjeldande frå 1. august 2006 (heimla i § 2 i Barnehageloven) vil bli erstatta med ny.

Arbeidet med innføring av ny rammeplan må takast med i arbeidet med ny barnehagestruktur.

## Tiltak for å få 2017 budsjettet i balanse:

Redusjonen kjem dels som fylgje av redusert behov i barnehage og dels som fylgje av årsverknad av at ei stilling vart halde vakant frå 01.08.2016. Samtidig får auka tal plassar i Dønfoss Naturbarnehage behov for auka bemanning.

### 4.2.2. *Skulane*

Skuleåret 2017-18 blir det siste året med tre skular i kommunen. Alt frå 01.08.2017 vil vi kunne begynne å redusere driftskostnadene mellom anna sidan elevtalet/klassetalet går ned på ungdomsskulen. På små skular som i Skjåk er det lite som skal til før det kjem nye behov som utløyer ressursbruk.

## 1-10-skuleprosjektet

Skjåk kommunestyre vedtok 24.03.2014 å starte eit prosjekt for å planlegge organisering og innhald i 1-10-skule i Bismo. Prosjektet arbeider med innhaldet i 1-10-skulen og førebur samanslåinga av tre skular til ein. Prosjektleiar har vert Anna Krogstad.

Frå 1. januar 2017 overtek rektor 1-10-skulen denne rolla, saman med to assisterande rektorer.

Målet er å tydeleg vere ein skule frå starten med ei samla leiing, felles praksis, rutinar og kultur. Arbeidet med ei vidareutvikling av skuleeigarrolla blir vidareført. Kommunen har bistand frå Veilederkorpset til sommaren 2017. Utviklingsarbeidet med Læreplanar, Vurdering for læring og klasseleiing står sentralt i dette.

Det vil og etter kvart bli viktig å førebu elevane på at dei skal gå saman på ein skule og ei klasse.

Frå 1. januar skal leiarstrukturen i den nye skulen vere på plass. I tillegg til arbeidet med bygginga av ny-skulen, vil arbeidet med å utvikle samarbeidet innafor leiinga, oppgåvefordeling og sikre ei samla tydeleg leiing vil vere viktig. Samtidig skal den nye leiinga ha ansvar for drifta av dei tre skulane fram til den nye skulen står ferdig.

Den nye skulen har så langt blitt kalla «1-10-skulen». Dette har vore naturleg så langt. Men det er ikkje sikkert at dette er det namnet vi ynskjer på den nye skulen. Namnet på den nye skulen bør bli bestemt.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## Veilederkorps

Veilederkorpset gjev støtte til skuleeigar og skular for å styrke utviklings-, endrings- og forbettingsarbeidet i skulen. Kommunen søkte og fekk delta med alle tre skulane. Avtalen gjeld fram mot 30.06.2017.

## Ungdomssteg i utvikling

Dette er ei nasjonal satsing med tilbod om støtte til lokalt utviklingsarbeid i klasseleiing, rekning, lesing og skriving. Alle ungdomsskulane deltek fordelt i 4 puljar. Skjåk ungdomsskule deltek i pulje 4 frå hausten 2016. Klasseleiing er valt som utviklingsområde i Skjåk. Satsinga blir delfinansiert av statlege midlar.

## Klasseleiing

I 1-10-skuleprosjektet har arbeidet med fagplanar og « vurdering for læring» vore satsingsområder. Klasseleiing er eit tredje område som hører tett saman med dette. Det er og sentralt i forhold til å utvikle felles praksis og felles kultur. Ungdomsskulen har dette som fokusområde i UiU (Ungdomstrinn i utvikling) og barneskulane vil arbeide med dette parallelt.

## SFO

Kommunen er pålagt å gje eit SFO-tilbod til 1. -4. klasse.

Begge barneskulane tilbyr dette. Men vi ser ein tendens til at det er få som nyttar dette. Vi har ei grense på 5 ungar før det blir sett i gang SFO-tilbod ved skulen. Skuleåret 2016-17 er det for få som har meldt behov for SFO ved Nordberg skule.

Vi vil våren 2017 gjennomføre ei brukarundersøking blant foreldre for å kartlegge behov og eventuelle grunnar til at tilboden ikkje blir nyttta. Samanlikna med barnehagetilboden må det seiast at SFO-tilboden er blitt nokså dyrt. Det kan derfor vere ein av grunnane. Det kan og vere slik at innhaldet i tilboden ikkje har utvikla seg slik at foreldre finn dette interessant. Tiltak for å redusere prisen og auke kvaliteten på innhaldet kan derfor vere aktuelt.

Utviklinga av SFO-tilboden vil uansett vere ei viktig tema fram mot den nye skulen.

## Tiltak for å få 2017- budsjettet i balanse:

Ramma i budsjettforslaget er hovudsakleg reduksjonar på grunn av mindre behov på ungdomsskulen. Mellom anna ein reduksjon på ei klasseskuleåret 2017-2018.

### 4.2.3. Kulturskule

Sjølv om Skjåk kommune brukar meir ressursar til kulturskule enn kommunar vi kan samanlikne oss med, viser KOSTRA-tal at vi ikkje brukar meir per brukar enn andre kommunar.

## Rammeplan for kulturskulen

Kulturskulen har fått ny rammeplan.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Det blir ei sterkare markering av kulturskulen som skuleslag gjennom tydelege kvalitetsforventningar, tydeleg innhald og organisering av undervisning samt tydelegare ansvar til skuleeigar. Kulturskulen i Skjåk arbeider med å innarbeide den nye planen og fagplanane. I oppfølginga av denne vil det bli auka behov for samarbeid interkommunalt og regionalt, men og i større samanheng.

## Felles kulturskule med Lom

Lom kommune har teke initiativ til å utgreie eit tettare samarbeid og eventuelt samanslåing til ein felles kulturskule.

## Tiltak for å få budsjettet i balanse:

Det blir ikkje foreslått nye tiltak for å redusere ressursbruken i kulturskulen for 2017. Kulturskulen fekk redusert ressursbruken betydeleg i 2016. Mellom anna vart foreldrebetalinga auka meir enn andre tenester.

Sjølv om Skjåk kommune brukar meir ressursar til kulturskule enn kommunar vi kan samanlikne oss med, viser KOSTRA-tal at vi ikkje brukar meir pr brukar av kulturskulen.

## 4.2.4. Flyktningar, vaksenopplæring og PPT

### Flyktningtenesta og vaksenopplæringa

Flyktningsituasjonen i verda har ikkje endra seg til det betre. Det er stor pågang av flyktningar inn i Europa. Det er likevel færre som kjem til Noreg no enn i 2015.

Dette gjer at pågangen i 2016 har vert lågare enn venta.

Likevel er det mange av dei som er kome til landet, og som har fått opphold, som framleis ventar på å få busetting i ei kommune.

Skjåk har busette dei 10 vaksne som kommunestyret vedtok å busette.

Dei 5 mindreårige blir ikkje busette før i januar 2017.

Så langt har busetting og integrasjonsarbeidet blitt finansiert av tilskot til dette arbeidet. Ein føresetnad for dette er at vi har ei rimeleg jamn busetting.

### Fagprogram for flyktningtenesta

Det har lenge vore behov for eit fagprogram både i flyktningtenesta og i vaksenopplæringa i regionen. Behovet aukar i tråd med auka busetting og deltaking i opplæringa.

Planen var å dette på plass i 2016. Fleire av kommunane i regionen trekte seg og det er enno ikkje på plass.

Det blir arbeidd for å få dette på plass så fort rå er.

### Bufellesskap

Kommunestyret har vedteke å etablere eit bufellesskap for 5 mindreårige i Skjåk. Det var planen å få busett desse i Prestegarden i løpet av 2016. Av fleire grunnar er dette utsett til januar 2017.

Bemanningsa er på plass. Det er oppretta 9 nye arbeidsplassar med høg og variert kompetanse. Fram til dei fyrste kjem er målet å vere godt budde på å kunne gje dei nye innbyggjarane ei godt tilbod og god integrering.

Økonomisk er det knytt spenning til konsekvensar ved endring av finansiering slik det er framlegg om i statsbudsjettet. Etter dei berekningar vi har gjort verkar det som at det vil forenkla rapportering og arbeidet rundt finansieringa, utan at det vil få negative konsekvensar for økonomien.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Det som kan få betydning er endringane i busetting. Mange kommunar som var budde på å busette mindreårige har fått melding om at dei likevel ikkje får busett mindreårige, eller langt færre.

Skjåk har framleis forsikringar frå IMDI om at vi skal få busett mindreårige. Tidlegare skriftlege forsikringar om at vi skal få busett midt i januar, kan likevel bli skyvd på.

Dette vil kunne få økonomiske konsekvensar, sidan personell alt er tilsett med tanke på mottak slik vi har avtale om.

## Interkommunale samarbeidstiltak (PPT)

Skjåk kommune deltek i regionalt samarbeid om Pedagogisk psykologisk teneste (PPT).

Dette er ei lovpålagt teneste som er sakkunnig instans i vurdering av barn sine behov og rett til spesialpedagogiske tiltak.

Målet er at tenesta skal ha brei kompetanse i dei vanlegaste utfordringane for elevar i barnehage og grunnskule.

Kostnadane blir fordelt mellom kommunane etter avtalt fordelingsnøkkel.

## 4.2.5. Oppsummering av satsingar og tiltak knytt til økonomiske utfordringar

Tenestene i Skjåk er små, og det skal lite til før nye utfordringar utløyer behov for nye ressursar.

Arbeidet for å slå saman skular og barnehagar har, mellom anna, betydning for at vi får samla kompetanse, vi blir mindre sårbare og vi kan nytte kompetanse betre der det er behov. Når verksemndene er små må vi ofte ha lik kompetanse i fleire verksemder fordi det ikkje er vanskeleg å nytte desse på tvers i organisasjonen.

Ungetal og elevtal går ned og det fører til reduserte kostnadar, spesielt i skulane.

Tiltak	Innsparing	Konsekvens
Reduksjon på Oppvekst-kontoret ved at prosjektleiar 1-10-skuleprosjektet blir borte	Kr 883 000	Arbeidet med vidareføring av 1-10-skuleprosjektet blir lagt til oppgåvane for rektor 1-10-skulen. Samtidig vil kapasiteten til oppvekstkontoret bli redusert.
Reduksjon av kompetansemidlar 1-10-skulen	Kr 50 000	Gjennomføring av fellestiltak i etablering av 1-10-skulen blir vanskelegare av di ein ikkje har midlar til gjennomføring av tiltak.
Redusere forventa kostnadar til skuleskyss	Kr 50 000	Budsjettet er justert frå 1.950.000 til 1.900.000, men skysstilbodet blir oppretthalde.
Redusere assistent 100 % Bismo barnehage frå 01.08.2017	Kr 211 000	Assistentressursen blir truleg flytt til skulen.
Reduksjon midlar til formingsmateriell og leikar	10 000	Mindre fornying /innkjøp
La 40 %stilling i Holemark barnehage stå vakant (årsverknad)	Kr 318 000	Redusert bemanning
Reduksjon midlar til formingsmateriell og leikar	Kr 5 000	Mindre fornying /innkjøp
Auka driftskostnad hovudsakleg på		

## Økonomiplan 2017 - 2020

---

grunn av fleire plassar i barnehageåret 2016-17 i Dønfoss Naturbarnehage.	Kr – 163 000	
Reduksjon Nordberg skule på grunn av redusert behov frå 01.08.2017  Redusere undrevisningsmateriell	Kr 687 000  Kr 30 000	Mindre fornying /innkjøp
Reduksjon Marlo skule på grunn av redusert behov frå 01.08.2017  Redusere undrevisningsmateriell	Kr 109 000  Kr 20 000	Mindre fornying /innkjøp
Reduksjon Ungdomsskulen på grunn av reduserte behov frå 01.08.2017  Redusere undrevisningsmateriell Redusere undrevisningsmateriell Redusere undrevisningsmateriell	Kr 1 024 000  Kr 50 000 Kr 10 000 Kr 20 000	Mindre fornying /innkjøp Mindre fornying /innkjøp Mindre fornying /innkjøp
Reduksjonm Ymse materiell og tenester i Kulturskule	Kr 10 000	

Satsinga på busetting av flyktningar er delvis ny. Vi bygger kapasitet ut frå dei vedtak som er gjort og dei behov vedtaka bygger på. Denne satsinga er viktig både for å hjelpe flyktningar til å skape seg eit nytt liv i Skjåk, men og for å styrke innbyggartal og tilgang på arbeidskraft i kommunen.

I 2017 er drifta av flyktningarbeidet planlagt å overstige inntekter og refusjonar i 2017. Bufellesskapet er nytt og det blir planlagt å sette av tilstrekkeleg med ressursar for å innarbeide dette. Vi brukar midlar avsett på fond, øyremerkt flyktningarbeid, til dette.

Mange forhold kan spele inn på drifta. Ikkje minst endra behov for busetting nasjonalt. Dersom sentrale styresmakter ikkje fyl opp tidlegare forsikringar overfor Skjåk kommune, må kommunen forvente å få dekka eventuelle direkte økonomiske konsekvensar av dette.


Midlar kommunen har fått til tiltak for å redusere barnefattigdom vil bli brukt til å redusere elevbetaling i kantina på ungdomsskulen.

# Økonomiplan 2017 - 2020

## 4.3. Helse og omsorg

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2016
300 HELSE OG OMSORG	1 954 000	1 954 000	1 954 000	1 954 000	2 476 000
310 PLEIE OG OMSORG INSTITUSJON	23 096 000	23 294 000	23 294 000	23 294 000	24 846 000
320 PLEIE OG OMSORG HEIMETENESTER	23 116 000	23 378 000	23 378 000	23 378 000	23 412 000
331 NAV	3 817 000	3 817 000	3 817 000	3 817 000	4 279 000
332 HELSESTASJON	5 023 000	4 911 000	4 911 000	4 911 000	5 457 000
350 HELSETENESTER	6 427 000	5 846 000	5 846 000	5 846 000	6 101 000

Helse og omsorgssektoren er den største sektoren i kommunen, og blei i 2015 omorganisert for å legge grunnlag for ein meir effektiv tenesteproduksjon og betre koordinering av utviklingsarbeidet mellom dei ulike tenestene innan sektoren. Pleie og omsorgsleiar blei erstatta av kommunalsjef helse og omsorg, og organisert slik:



Skjåk kommune har eit svært godt utbygd helse- og omsorgstilbod, og tenestene som blir levert er av høg kvalitet. Skjåk kommune står likevel overfor fleire store utfordringar i åra som kjem, mellom anna pga den demografiske utviklinga og endringane i inntektssystemet. Krava til helse- og omsorgstenestene i kommunen vil auke i åra framover, og nye oppgåver og endra krav til tenestene fører til behov for effektive og fleksible tenester. Tenester som må kunne gjevast på eit forsvarleg nivå både ut frå tilgang på kompetanse og ressursar elles. Å etablere realistiske forventningar til tenesteinnhald og omfang blir viktig for å skape forventningar som er i samsvar med eit bærekraftig omsorgsnivå i framtida.

### 4.3.1. Pleie og omsorgstenester

Skjåk kommune har teke viktige og gode strategiske grep i organiseringa av eldreomsorga dei siste åra, ikkje minst med tanke på organisering av Skjåkheimen med omsorgsbustader i nærleiken som lettar presset på institusjonsplassar. Dette gjev eit gunstig utgangspunkt for omstilling frå institusjonsbaserte til meir heimebaserte tenester i åra framover. Ein institusjonsplass skal være det siste steget i omsorgstrappa, og det er difor heilt vesentleg å ha godt utbygde tenester på alle trinn.. Budjettrammene avspeglar også denne vridinga, og budsjetta for 2017 er no tilnærma like for institusjon og heimebaserte tenester. Det betyr at kommunen er i stand til å yte meir hjelpe til fleire brukarar ved at omsorgstilbodet famnar atskillig fleire, også fordi dei heimebaserte tenester pr brukar er ein mykje rimelegare teneste. Dette er også ei ønskt utvikling for brukarane sjølve, som i all hovudsak ønskjer å bu heime så lenge som råd (nær 90% av respondentane i brukarundersøking).

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

Å førebu seg på å møte aukande behov for korttids-, avlastings- og rehabiliteringsplassar er og ein viktig del av ei nødvendig omstilling. Dette inneber også ei satsing på kompetanseheving blant personalet, noko som også vil være gunstig å gjennomføre i desse åra før eldrebølga kjem for fullt. Eit tredje viktig tiltak for omstilling vil være utprøving av velferdsteknologi, spesielt i heimetenestene og auka kunnskap blant tenestemottakarar og tilsette innan dette feltet.

Førebyggande arbeid som hindrar og forsinkar utviklinga av helseplager for alle deler av befolkninga må få høg prioritet. *Kvardagsrehabilitering* er etablert som eiga teneste i Skjåk kommune, der nettopp tidleg intervension og førebygging er viktige stikkord. Tenestetilbodet legg til rette for at flest mogleg skal kunne bu heime så lenge som råd, etter eiga ønskje. Det blir organisert eit tverrfagleg innsatsteam rundt den enkelte brukar med vedtak om kvardagsrehabilitering med mellom anna fysio- og ergoterapeutar, sjukepleiar og fagarbeidar som deltakarar. Det er ergoterapeuten som har prosjektleiaransvaret for kvardagsrehabilitering. Denne stillingsdelen er frikjøpt med 30% av fondsmidlar frå UHT i 2017.

Det blir og finansiert 2 x 20% fagsjukepleiarressursar i heimesjukepleia med midlar gjennom fondsmidlar frå UHT i 2017.

Den føreståande ombygginga av Skjåkheimen med 11 nye korttids-/rehabiliteringsplassar vil bidra til å gje brukarar kort og intensiv hjelp og behandling slik at dei kan reise heim etter avslutta opphold på Skjåkheimen. Sjølv om vi berre aukar talet på institusjonsplassar med 1, frå 35 til 36, vil hyppig rullering av korttidsplassane, saman med gode ergo- og fysioterapiressursar, bidra til at mange fleire får nytte av eit slik korttidstilbod.

Forprosjektet går inn i sluttfasen i skrivande stund, og førebels kalkyle viser ein totalkostnad på rundt kr 30 mill. brutto. Det har vore tett dialog med Husbanken for å sikre at prosjektet kvalifiserer til tilskottsordninga på 55% av kostnadene for 12 nye beubarrom, nytt pasientvarslingsanlegg, adgangskontroll, sentral styring av varme og ventilasjon etc. Dersom Husbanken gjev si tilslutning til tilskott til ombygginga, vil byggestart skje våren 2017 med ferdigstilling påfølgande vår så sant investeringa blir prioritert i økonomiplan 2017-2020.

Som eit tiltak i budsjettprosessen og i den omtalte omstillinga, foreslår ein å redusere grunnbemanningsa på Skjåkheimen noko. Det er relativt høg grunnbemanning på Skjåkheimen sett i forhold til andre sjukeheimar i Gudbrandsdalen, og ein reduksjon i minimumsbemanningsa på dag og kveld i vekedagane, vil ikkje bety eit vesentleg därlegare tilbod til pasientane. Ein må også sjå på korleis dagane organiserast med tanke på dei ulike aktivitetane som skal utførast for å lette presset, spesielt på sjukepleiarane. Til slutt må det til eit enda tettare samarbeid om personalressursane mellom heimetenesta og Skjåkheimen slik at personale kan brukast der behovet er størst. For å unngå oppseiingar, vil stillingar bli halden vakante, og det ikkje bli sett inn vikarar ved sjuke- og anna fråvær så lenge bemanningsa ligg over minimumsbemanning. På den måten vil det bli ein gradvis og permanent reduksjon i bemanningsa ved naturleg avgang.

## Avlastningsplassar og bustader for utviklingshemma

Behov for avlastningsteneste for foreldre med funksjonshemma barn har auka gradvis dei siste åra, og ein ser at det i 2016 vil bli eit overforbruk på tenesta. Budsjettet for avlastningstenesta er difor styrka i budsjettet for 2017, men ein får kompensert for noko av dette gjennom auka øyremerka skjønnsmidlar.

Etter ei kartlegging av bustadsbehovet blant funksjonshemma, er det konkludert med at kommunen i løpet av dei neste 5-10 åra vil ha +/- 10 personar med bustadsbehov. På kort sikt hastar det med å skaffe gode avlastningsbustader for born og unge. Av omsyn til nærleik til skule, barnehage, sosialt miljø og andre tenester, er det beste for barna at avlastningsbustadane er i nærleiken av det kjende lokalmiljøet, altså der Skamsargjeilen ligg i dag.

Dersom ein vel å utsetje bygginga, må det vurderast kor lenge bygget kan nyttast som avlastningsbustad i noverande tilstand utan store vedlikehaldsarbeid. Ein må uansett kalkulere med noko kostnader knytt til rehabilitering for å kunne bruke bygget inntil eventuelt nytt er ferdigstilt.

Når det blir byggestart av nye avlastningsplassar og -bustadar i Skamsargjeilen, eller renovering av eksisterande, kan kommunen tilby anna godt eigna butilbod på/ eller i nærleiken av Skjåkheimen både til avlastning og bustadføremål.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## Psykisk helse

Psykisk helseteneste (inkl. rusomsorg) er organisert som vertskommunesamarbeid med Lom kommune, der sistnemnde er vertskommune. Alle som arbeider innan helse og omsorgsfaga har ansvar og plikt til å yte hjelp til den som har rusproblem, på det nivået i organisasjonen som ein arbeider på. Den nye samhandlingsreforma for rus og psykiatri vil stille store krav til den enkelte kommune, og ein ser behov for å styrke kompetansen innan heimebaserte tenester. Det er tilsett ein regional ruskoordinator, som jobbar aktivt med kompetanseheving og rådgjeving blant dei tilsette innan rusfeltet.

Som følgje av den nye samhandlingsreforma, ser ein behovet for auka samhandling mellom distriktspsykiatrisk senter og kommunane. Det er sett ned eit samarbeidsutval med deltararar frå 6 k helse og DPS, men det er for tidleg å seie kva reforma vil innebere for kommunane, både med tanke på kompetanse og økonomiske ressursar.

### 4.3.2. Helsetenester

Skjåk kommune yter ein del av helsetenestene til sine innbyggjarar i eigen regi, ein del i samarbeid med Lom og ein del i samarbeid med alle norddalskommunane. Kommunen har over fleire år hatt stabil og god fastlege- og fysioterapidekning, med tre fastlegeheimlar, ein turnuslege og to fysioterapiheimlar. I tillegg er det ein privatpraktiserande fysioterapeut med driftstilskott frå kommunen.

Det siste året har det vore noko ustabil legedekning, dels pga permisjonar frå to av fastlegane, dels pga at tidlegare kommuneoverlege har gått av med alderspensjon. Det er tilsett ny kommuneoverlege, som tiltrer 1.4.2017.

Det er ønskjeleg å oppretthalde 3 legeheimlar også i åra framover for å ha ei god og solid legedekning, både med tanke på dei kommunale oppgåvane, men og for å ivareta kommunen sine forpliktingar i det regionale legevaktsamarbeidet. Kommunen er i dialog med Lom kommune om samarbeid mellom kommunane om legetenester, og det er håp om at desse samtalene vil føre til eit styrka fagmiljø og mindre sårbarheit ved vakansar med bruk av legar og helsepersonell på tvers av kommunegrensene.

Budsjettet for legetenester er auka frå 2016 til 2017, men legesituasjonen i 2017 er ikkje avklara ved avslutning av arbeidet med økonomiplanen. Prosess som er sett i gang med Lom kommune om felles helsetenester kan endre det økonomiske bildet. Det er likevel lagt inn ei forsiktig innsparing på 20% stilling fordi det er realistisk å sjå for seg felles kommuneoverlegefunksjon i Lom og Skjåk.

Vertskommuneavtale om helsesamarbeid i Nord-Gudbrandsdal omfattar legevaktdeling, legevaktvarsling, alarmsentral, jordmorvaktordning, 6 intermediære senger, 3 KAD-senger (Ø-hjelpe), koordinator i samfunnsmedisin og bistand til spesialisthelsetenesta ved NGLMS. Kommunane mottek statlege tilskott for å drifte KAD-senger, og det er kommunen sitt ansvar å syte for at heile tilskottet blir overført til Sel kommune som del av finansieringa av det regionale KAD-tilbodet. Det er lagt inn ein forventa reduksjon på ansvar 300 (kommunalsjef) frå 2016 til 2017 for bruk av dei intermediære sengeplassane, basert på historiske regnskapstal dei siste åra.

I tillegg samarbeider alle norddalskommunane saman med Den norske Kreftforeningen om stilling som kreftkoordinator og alle kommunane utanom Lesja om ei ruskoordinatorstilling. Også i dette samarbeidet står Sel som vertskommune.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## 4.3.3. Utvida helsestasjon

Skjåk kommune har ei målsetting om at helse- og velferdstenester retta mot barn og unge skal bli betre koordinerte og av betre kvalitet. I dette ligg ein ambisjon om å fange opp problem, gjere god kartlegging og vurdering, samt setje inn hjelpetiltak så snart som råd – tidleg innsats.

Dette var grunnlaget for ei ny administrativ organisering i 2015 som innebar at Skjåk kommune etablerte *Utvida helsestasjon*. Det betyr at helsestasjon- og skulehelseteneste fekk status som eige tenesteområde med miljøterapeut i grunnskulen, barnevern og jordmor som del av den forsterka helsestasjonen og lagt under same tenesteleiari.

### Jordmortenesta

Fordelinga mellom kommunal jordmor og jordmorvakta (NGLMS) er i hovudsak 40% svangerskapsomsorg og 60% jordmorvakt. Fordelingsprosenten vil variere på grunn av turnusen ved jordmorvakta. Skjåk kommune ynskjer å gå i dialog med Lom kommune om eit samarbeid om den kommunale delen av tenesta. Gjennom dei siste tre åra (2013-15) har det vore i snitt 18,3 fødslar pr år i Skjåk. Rekruttering av jordmor har tildeigare vist seg vanskeleg. Eit samarbeid med Lom vil gje jordmor ei større målgruppe og breiare erfaring, som kan virke positivt for rekrutteringa. Dette vil i så fall bety noko reduserte kostnader.

### Barnevern

Barneverntenestene blei lagt inn under utvida helsestasjon for å bidra til å styrke den fleirfaglege og heilskaplege innsatsen for barn og familiær som treng hjelpetiltak. Satsinga på barnevern har auka gjennom fleire år. Lom og Skjåk barnevernteneste har i dag 4 stillingar, der 1,5 årsverk er finansiert via styrkingsmidlar frå Fylkesmannen.

I samband med langtidssjukemelding, blir ei 50 % stilling som barnevernspedagog halden vakant inntil vidare pga utfordingar knytt til rekruttering av kompetente vikarar. Tenesta blir i staden styrka ved at vikariatet som miljøarbeidar i 25 % vidareførast ut 2017.

## 4.3.4. NAV

Etter ei sterke auke i utbetaling av økonomisk sosialhjelp i 2013, 2014 og 2015 blei stillingsheimelen på 70%, som først ble redusert ved samanslåing av NAV Lom og NAV Skjåk, attendeført som ei midlertidig stilling i 2016.

Styrkinga har medført at den negative utviklinga i utbetaling av sosialhjelp er stoppa og snudd, samstundes med at dei er kvalitetssikra og at brukarar får betre oppfølging. Denne stillinga bør difor vidareførast, noko det er teke høgde for i budsjettet. Budsjettet for sosialhjelputbetalingar kan difor reduserast betydeleg i 2017.

Etter tilsyn av Fylkesmannen ble det peika på at det er få unge i Skjåk som er langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp. Dette har sannsynligvis samanheng med at aktivitetskravet gjennomførast konsekvent på dei unge i Skjåk, så sant det ikkje ligg føre årsaker til at dette ikkje er gjennomførbart. Dette arbeidet blir viktig å vidareføre, noko som og er skjerpa gjennom nye sentrale retningsliner frå 01.01.2017. Her er mellom anna sysselsettingsgruppa ei viktig arena.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## 4.3.5. UHT – Utviklingssenter for heimetenester

UHT Oppland (UHT Lom og Skjåk) blir frå 01.01.17 organisert saman med UST Oppland på Gjøvik. Etter krav om omorganisering frå Helsedirektoratet, har Utviklingssenteret på Gjøvik søkt om at senteret blir lokalisert der. Gjøvik ynskjer å ha ein satellitt i Nord-Gudbrandsdal med ein prosjektleiar knytt til NGLMS. Føresetninga er at heile regionen deltek, og forpliktar seg til å dekke 50% av prosjektleiarstillinga og kontorhald for satelitten. 6 k helse stiller seg positiv til ei slik organisering, og ønskjer å prøve det ut i 2017. Kostnadene blir dekt gjennom driftstilskottet som UHT Lom og Skjåk fekk i 2016, og vil difor ikkje medføre ekstrakostnader for nokre av kommunane i samarbeidet.

## 4.3.6. Oppsummering av satsingar og tiltak knytt til økonomiske utfordringa

Da dei økonomiske rammene var lagt for budsjettåret 2017, med krav om innsparing på rundt 8 millionar kroner for heile kommunen, blei det klart at helse- og omsorgssektoren måtte finne inndeckning for 4 millionar kroner av desse. Situasjonen har imidlertid blitt ytterlegare forverra etter at dei endelige konsekvensane for budsjett 2017 var klare i slutten av oktober. I tillegg har det vore nødvendig å auke rammene til legekontoret for å kunne oppretthalde neverande drift og bemanning. Dette har medført ytterlegare krav til reduksjonar i dei andre områda innan helse og omsorg for å ta høgde for denne auken.

Det har sjølv sagt vore utfordrande å finne inndeckning for dei høge kostnadsreduksjonane, men det har vore jobba aktivt og kreativt for å finne løysingar for å unngå å redusere det gode tenestetilbodet til innbyggjarane i Skjåk så langt som råd.

Rådmannen erkjenner at dei føreslegne innsparingstiltaka vil stille store krav til kvar og ein av dei tilsette i sektoren, men at dei, slik ein vurderer det no, ikkje vil få uønska konsekvensar for tenestetilbodet. I tabellen under er det sett opp konkrete og vesentlege innsparingstiltak. Fleire av tiltaka er finansiert gjennom bruk av statlege tilskott og fondsmidlar i 2017 for å unngå oppseiingar. Reduksjonen i bemanninga vil difor ikkje bli permanent før det skjer gjennom naturlege avgangar. I tillegg er det gjennomført fleire større og mindre kutt i svært mange enkelpostar for å kome inn i rammene.

Tiltak	Innsparing/ Inntektsauke
Redusere grunnbemanning på Skjåkheimen	Kr 900 000
Halde 20 % sjukepleiarstilling vakant på Skjåkheimen	Kr 100 000
Halde 100% avdelingssjukepleiar vakant til august på Skjåkheimen	Kr 300 000
Halde 40% + 60% helsefagarbeidarstillingar vakante	Kr 400 000
Finansiere 30% ergoterapeut av UHT-midlar (kvardagsrehabilitering)	Kr 150 000
Redusere vikarbudsjettet	Kr 400 000
Reduksjon matinnkjøp på Skjåkheimen	Kr 180 000
Finansiere 2 x 20% fagsjukepleiarar i heimetenesta med UHT-midlar	Kr 180 000
Auka tilskott til ressurskrevjande brukarar	Kr 250 000

# Økonomiplan 2017 - 2020

Statleg tilskott til aktivitetar for demente	Kr 180 000
Redusere 20 % dagvakt Skamsargjeilen	Kr 90 000
Halde 25 % stillingsheimel i barnevern vakant (1/2 effekt, samarbeid Lom)	Kr 75 000
Reduksjon i refusjon Sel kommune intermediære senger	Kr 500 000
Reduksjon i sosialhjelputbetalingar/bustøtte*	Kr 400 000
Statlege tilskottsordningar/styrkingsmidl. til helsestasjon/skulehelseteneste	Kr 300 000

\*) Fordrar oppretthald av auke i stillingsheimel i NAV på 70 %

## 4.4. Kultur, teknisk og næring

	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2016
101 KULTUR	1 722 000	1 722 000	1 722 000	1 722 000	1 673 000
450 LANDBRUK OG NÄRING	167 000	167 000	167 000	167 000	149 000
600 FINANS OG OVERFÖRINGAR	-169 547 000	-167 089 000	-160 291 000	-158 956 000	-171 567 000

Næringsavdelinga har lågt netto resultat, fordi avdelinga er finansiert frå næringsfond.

### 4.4.1. Kultur

#### Kultur

Kultur ligg i staben til rådmannen og utgjer to 50% faste kulturkonsulentstillingar. Oppgåver lagt til kultur har stor spennvidde, som saksbehandling av kulturmidlar og prosjektmidlar, tilskot til trusamfunn, spelemiddelordninga, administrere faste og meir spontane kulturtiltak/-arrangement.

Elles av oppgåver kan nemnast sekretærfunksjon for idrettsråd, turløyper og diverse komitear, og kontakt ut til idrettslag og andre lag og foreiningar, museum, kulturminnefondet m.m. Eit særsviktig område er kulturminnevernarbeid.

Kommunale idrettsanlegg ligg under teknisk etat.

#### Planar

Revidering av kommunedelplan om kulturminne, «Kulturminnevernplan», er under arbeid og forventast opp til politisk behandling 2017. Lokal plan, utarbeida i tråd med nasjonale miljømål om forvaltning av kulturminne og fylkeskommunen sin strategiplan for kultur, vil leggje føring for kulturminnearbeidet i åra framover.

Kommunedelplan om «Fysisk aktivitet og naturopplevingar» vedteken i kommunestyret 22.05.14, legg føringar for tiltak innafor sitt område.

#### Tilskot til Skjåk turløyper

Etter søknad og vedtak i budsjettbehandlinga for 2016 fekk Skjåk turløyper til saman kr 250 000. For å halde budsjettetramma for 2017, er det lagt inn ein reduksjon på 50% ned til kr 125 000.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## 4.4.2. *Teknisk*

Tenesta har ansvar for å planlegge og gjennomføre utbygging av kommunale bygg og anlegg, byggeleiing, drift og vedlikehald av kommunale bygg, plassar, idrettsanlegg og vregar. Forvaltning- og eigaransvaret for den kommunale bygningsmassen. Drift av vatn- og avlaupsanlegg og drift av vaskeriet på Skjåkheimen.

### Reinhald

Reinhald av kommunale bygg etter gjeldande reinhaldsplanar. Reingjering av ca. 16 000 m<sup>2</sup> golvareal. Vaskeriet på Skjåkheimen har ansvar for vask av klede frå institusjon, frå bebuarar i omsorgsbustadar og heimebuande med behov for omsorg. Tenesta utgjer 11,3 årsverk fordelt på 19 stillingar.

### Bygg og eigedom

Den kommunale bygningsmassa utgjer ca. 22 000 m<sup>2</sup>. Vaktmeistrane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale bygg med tilhøyrande utomhusanlegg, samt parkar og plassar i Bismo. Tenesta utgjer 5,3 årsverk fordelt på 11 stillingar. Det er ikkje vaktmeisterteneste på kommunale utleigebustadar og Skamsargjeilen bufellesskap.

Det blir kvart år avsett for lite midlar til vedlikehald. For å unngå etterslep på vedlikehald bør vedlikehaldsbudsjettet aukast med 2 millionar kroner kvart år. Overskot frå utleigebustadar bør øyremerkast vedlikehald av bygningsmasse. Overskotet frå utleigebustadar utgjorde i 2014 ca. 1,7 millionar kroner.

For å oppnå budsjettbalanse i 2017 er budsjettet til vedlikehald redusert med kr 1,33 mill.

### Veg, vatn og avløp (VVA)

Driftsoperatørane har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vatn- og avløpsanlegg og drift av avløpsanlegget til TINE meieriet Lom & Skjåk. Det er totalt 5 kommunale reinseanlegg og 6 kommunale vassverk. I tillegg er det vassverk ved Nordberg og Marlo skule. I tenesta inngår driftspersonell til drift og vedlikehald av kommunale vregar, bruar og gateljosanlegg. Vintervedlikehald av vregar (brøyting og strøing) er sett bort til lokale entreprenørar. Tenesta utgjer 2,4 årsverk fordelt på 3 stillingar.

### Sysselsettingsgruppe

Arbeidstreningsenteret ATS – Dei Gode Hjelparane Lom og Skjåk er ei felles sysselsettingsgruppe som skal legge til rette for arbeidstrenings, praksisplasser, språkpraksisplasser og sosialisering. Basen er på Ånstad i Skjåk og med avdeling i Eggjelia i Lom.

Talet på sysselsette i gruppa vil variere over tid, og 19 personar var på tiltak per 01.10.2015. Desse består av brukarar via NAV, personar som er uføre, personar som har språkpraksisplass og frivillige. Det er også opna for at pensjonistar som framleis ynskjer å være aktive, har et tilbod på dette i gruppa.

Flyttinga til Ånstad og det å få samla alt under «eitt tak» har vore eit stort og positivt løft. Det merkast godt på auka omsetning i bruktboutikken og auke på eksterne jobbar.

Det er 2 fast tilsette i gruppa, med leiar på Ånstad og avdelingsleiar i Eggjalia.

# Økonomiplan 2017 - 2020

---

## 4.4.3. Næring

Nærings- og utviklingsarbeidet er organisert som ei avdeling under rådmannens sin stab. Stabsavdelinga har seks faste medarbeidrarar (inklusive den felles skogbruksjefen for Vågå, Lom og Skjåk). Til saman utgjer det om lag fire årsverk. Landbruksforvaltninga er ein integrert del av dette. Det same gjeld den treårige stillinga som kommunikasjonsrådgjevar.

Avdelinga er tillagt dei statleg pålagde landbruksforvaltningsoppgåvene som i periodar krev mykje arbeidsinnsats mellom anna til å få inn og kontrollere søker om produksjonstilskot; saksbehandling av SMIL tilskotsaker, osv. Avdelinga har høg landbruksdagleg kompetanse. Avdelinga har også ansvar for saksbehandling av søker om tilskot frå det kommunale næringsfondet og råd- og rettleiing til næringsdrivande og ny-establerarar.

Kommunestyret har hausten 2016 vedteke reviderte vedtekter for næringsfondet, der det er lagt inn ei ordning med etablerarstipend til nyetablerarar. I dei nye vedtektena er det lagt stor vekt på sysselsettingseffekten av det søkeren gjeld. Dette for å stimulere til nyetablering i kommunen.

Omdømmearbeid har framleis ein vesentleg plass i næringsavdelinga. Kommunikasjon og omdømmearbeid omfattar heile kommunen og alle tenester. Arbeidet med modernisering av heimesida og Skjåk sitt engasjement i sosiale media er kome godt i gang, og vil heile tida bli betre. Målet er å gjøre Skjåk kommune til ei digital kommune i 2017, slik alle innbyggjarane kan (om dei vil) kommunisere med kommunen på nett, og ha si eiga side for Skjåk kommune, slik ein kan ha i Altinn, t.d.

I tillegg til næringssjefstillinga er stillingar knytt til landbruksforvaltning finansiert av det kommunale næringsfondet. Ei evaluering frå høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) på Lillehammer, har peikt på at dette strir med statlege reglar for disponering av næringsfond. Skjåk kommunestyre vedtok difor våren 2015 å fase ut bruk av kommunale næringsfond til finansiering av drift i 2016-2017. Ei slik omstilling vil ikkje kunne skje innanfor næringsavdelinga sine eigne rammer åleine. Ein må sjå heile kommune-administrasjonen under eitt. Saka var også oppe i behandlinga av budsjett og økonomiplan for 2015 og 2016, en omsynet til den samla budjettramma gjer at det ikkje let seg realisere i 2017 utan at det får store konsekvensar for dei andre tenestene.

Næringselskapet Skjåk utvikling AS vart vedteke nedlagt og avslutta i 2015. Oppgåvene som selskapet hadde er i hovudsak ført attende til kommunen. Eitt av tiltaka som var oppretta av selskapet er Skjåk næringsnettverk (NIS). Næringslivet i Skjåk vedtok i eit stiftingsmøte hausten 2015 å re-establere næringsnettverket i næringslivet sin eigen regi. Dei fekk 250 000 kroner frå næringsfondet til verksemda i nettverket. Det tok tid før det kom i gong, og aktiviteten har av ulike grunnar ikkje vore så høg som det ein hadde sett for seg. Likevel meiner kommunen at nettverket er viktig også for kommunen for å ha ein samla aktør å spele på i næringsarbeidet i Skjåk. Arrangementa Ståk i Skjåk og Hausttakk er nå koordinert av Skjåk kommune, men i tett kontakt med næringsaktørane sjølv. Kommunen meiner at dette er ein fruktbar måte å utvikle arrangementa på, og kanskje også få til nye på andre delar av året.